



SGON OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Eigarmelding 2013

Fylkeskommunalt eigarskap i selskap



**Vedtaks- og endringsprotokoll**

Vedtatt/endra av	Dato og/eller saksnummer
Fylkestinget	09.12.2008 / sak 38/08
Fylkestinget	13.10.2009 / sak 40/09
Fylkestinget	19.10.2010 / sak 43/10
Fylkestinget	18.10.2011 / sak 49/11
Fylkestinget	16.10.2012 / sak 46/12
Fylkestinget	15.10.2013 / sak 37/13

**Fylkestinget sitt vadtak i sak 37/13 den 15.10.2013:**

1. *Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.*
2. *Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einskilde selskap og stiftingar i del II av eigarmeldinga (jf. vedlegg 1).*
3. *Fylkestinget stiller særskilde forventningar til følgjande selskap, jf. del II (jf. vedlegg 1):*
  - a. *Fjord1 AS: Styret må setje i verk turvande tiltak for å få eit monaleg betre resultat i 2013, jamfør orientering og drofting i fylkestinget 12.06.13, FT-sak 25/13.*
  - b. *Opplæringsfartøy AS: Styret må arbeide for at drifta vert tilpassa inntektene.*
4. *Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapå, jf. del II (jf. vedlegg 1):*
  - a. *Vidareføre eigarskapen:*  
*Trøyselhagen IKS, VIGO IKS, Fjord1 AS via F1 Holding AS, Firda Billag AS, Firda Produkt AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden AS, Innovasjon Norge, Kommunekraft AS, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS, Luna Industri AS, Lutelandet Utvikling AS, Njøs Næringsutvikling AS, Origod AS, Sandane Industri L/L, SFE AS, SF Holding AS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Sogneprodukt AS.*
  - b. *Vidareføre eigarskapen inntil vidare:*  
*Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Botnaneset Industriselskap AS, Opplæringsfartøy AS.*
- c. *Fylkeskommunen deltek i strategiprosessen, og eigarskapen held fram inntil vidare:*  
*AS Norsk Fjordhestsenter.*
5. *Fylkestinget ber fylkesutvalet organisere eit arbeid med gjennomgang av fylkeskommunen sin eigarstrategi for handsaming i fylkestinget i april 2014.*

# Del I - GENERELL DEL – EIGARPOLITIKK

## Innhold

Del I - GENERELL DEL – EIGARPOLITIKK .....	1
0. Innleiing .....	5
1. Eigarpolitikk .....	5
1.1 Bakgrunn og føremål bak fylkeskommunen sitt eigarskap.....	5
1.2 Fylkeskommunalt eigarskap i dag.....	5
1.3 Kriterium for å gå inn – og å bli sitjande – som eigar i selskap og opprettar av stiftingar .....	6
1.4 Val av selskapsform .....	6
1.5 Vurderingar ved avvikling av engasjement .....	6
1.6 Samfunnsansvar og etikk .....	6
1.6.1 Samfunnsansvar og etikk hjå selskapa.....	6
1.6.2 Samfunnsansvar og etikk hjå fylkeskommunen og fylkeskommunen sine utsendingar.....	7
1.7 Eigarutøving dei siste to åra .....	7
1.7.1 Generell politikkendring .....	7
1.7.2 Enkeltsaker.....	8
2011 .....	8
2012 .....	8
2013 .....	9
1.7.3 Konsekvensane av siste års vedtak .....	10
1.7.4 Endra posisjon i høve til einskilde verksemder .....	11
2. Retningsliner.....	11
2.1 Interessekonflikt mellom eigarinteresser, selskapsinteresser og forvaltningsoppgåver – nokre problemstillingar .....	11
2.1.1 Døme på tilfelle der interessekonflikten kan oppstå i forvaltinga når fylkeskommunen er eigar i selskap .....	12
2.2 Habilitet – folkevalde i ulike rollar .....	12
2.2.1 Generelt.....	12
2.2.2 Reglane om habilitet.....	12
2.3 Folkevalde som styremedlemmar .....	14
2.3.1 Eigenskapar og kompetanse hjå styremedlemmane .....	14
2.3.2 Styret sitt ansvar .....	14
2.3.3 Utpeiking av fylkeskommunen sine representantar i dei ulike styra.....	14
2.3.4 Rollefordeling: fylkeskommunen sin praksis.....	15
2.3.5 Reglar om kjønnsbalanse i styra i aksjeselskap .....	15
2.4 Folkevalde som eigarrepresentant .....	15
2.4.1 Krav til fylkeskommunen sin eigarrepresentant .....	15
2.4.2 Eigarorganet i selskapet sitt ansvar .....	15
2.4.3 Utpeiking av fylkeskommunen sine representantar i dei ulike eigarorgan.....	16
2.4.4. Eigarmøte .....	16
2.4.5 Rollefordeling: fylkeskommunen sin praksis .....	16
2.5 Styringsgrep .....	16
2.5.1 Utbyttepolitikk .....	16
3. Rutinar .....	17
3.1 Roller og ansvar .....	17
3.2 Rollefordeling i den fylkeskommunale verksemda .....	17
3.2.1 Fylkesutvalet si rolle .....	17
3.2.2 Fylkesordføraren si rolle .....	17
3.2.3 Den folkevalde si rolle .....	17
3.2.4 Fylkesrådmannen si rolle .....	17
3.3 Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap .....	17
3.4 Korleis utøve fylkeskommunal eigarskap .....	18
3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring .....	18

3.6 Rutinar for fylkeskommunen i forkant av eigarmøter i selskap.....	19
3.7 Styrerepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen .....	20
3.8 Eigarrepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen.....	20
3.9 Tilsyn og kontroll med kommunen sine interesser i selskapet .....	20
<b>Del II - SELSKAPSOVERSIKT</b>	<b>21</b>
4. Omtale av quart selskap .....	21
4.1 Generelt.....	21
4.2 Definisjon av nokkeltal .....	21
5. Interkommunale selskap (IKS) .....	21
5.1 Deltaking er avgrensa, men ansvaret er uavgrensa .....	21
5.2 Eigarskapet utøvast gjennom representantskapen.....	21
5.3 Uttreden av Interkommunale selskap (IKS).....	22
Trivselshagen IKS .....	22
Sogn og Fjordane Revisjon IKS.....	23
VIGO IKS.....	25
6. Aksjeselskap (AS) .....	26
6.1 Avgrensa ansvar for deltagarane.....	26
6.2 Eigarskapet utøvast gjennom generalforsamlinga .....	26
6.3 Uttreden av aksjeselskap.....	27
6.4 Investering.....	27
F1 Holding AS.....	27
Fjord1 AS – einskilde postar .....	28
Sogn og Fjordane Energi AS .....	29
Sogn og Fjordane Holding AS .....	32
6.5 Næringsutvikling .....	34
Botnaneset Industriselskap AS.....	34
Fjord Invest Såkorn AS .....	35
Framtidsfylket AS.....	36
Gulen og Masfjorden Utvikling AS .....	38
Innovasjon Norge AS .....	39
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS.....	41
Luna Industri AS .....	43
Lutelandet Utvikling AS .....	44
Njøs Næringsutvikling AS.....	45
6.6 Samferdsle .....	46
Firda Billag AS .....	46
6.7 Opplæring.....	48
Opplæringsfartøy AS.....	48
6.7 Arbeidsmarknad.....	49
Firda Produkt AS.....	49
Origod AS.....	50
Sandane Industri L/L .....	52
Sogneprodukt AS.....	53
6.9 Kultur.....	55
Norsk Fjordhestsenter AS .....	55
Sogn og Fjordane Teater L/L .....	56
6.10 Eigne oppgåver .....	58
Kommunekraft AS .....	58
7. Interkommunale samarbeid.....	59
7.1 Ulike former for interkommunalt samarbeid .....	59
7.2 Samarbeid etter kontrakt (formlaust samarbeid).....	59
7.3 Interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 .....	60
7.4 Vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28 b og § 28 c .....	60
Sogn og Fjordane Felles Innkjøpsordning (SFFI) .....	60
Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA) .....	61
IS Fjordvegen Rute 13.....	61

IS Fjellregionsamarbeidet.....	62
8. Stiftingar .....	62
8.1 Uttreden frå stiftingar.....	63
Stiftinga Singerheimen.....	63
Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal.....	64
Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid .....	64
Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane.....	65
Stiftinga Sogn og Fjordane Nærings- utvikling.....	65
Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival.....	65
Stiftinga Vestlandsforskning .....	66
Stiftinga Røde Kors Nordisk United World College.....	66
Stiftinga Nynorsk kultursentrums .....	66
Stiftinga Langvin.....	67
Stiftinga Vestnorsk jazzsenter .....	67
Stiftinga Balejazz.....	67
Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum .....	68
Stiftinga Norsk Country-treff .....	68
Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark .....	69
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.....	69
Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter.....	69
Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter.....	70
9. Gjensidig selskap.....	70
Kommunal Landspensjonskasse (KLP) .....	70
10. Vedteke plan for selskapskontrollar for valperioden 2012-2016.....	70
10.1 Oversikt over selskap innanfor § 80 .....	71
10.2 Oversikt over selskap utanfor § 80 .....	71

# 0. Innleiing

Eigarmeldinga er eit overordna politisk styringsdokument. Den skal bidra til å utvikle mål og strategiar for eigarskapen, sikre samhandling mellom fylkestinget og eigarorgan i selskapa og informasjon til ålmenta.

## **Eigarmeldinga skal:**

- Legge grunnlaget for å utvikle konkrete eigarstrategiar for kvart selskap.
- Legge grunnlaget for å gjere den politiske styringa tydelegare.
- Legge eit fundament for samansetting av styrer med kompetanse ut frå dei utfordringar selskapa står ovanfor.
- Stille konkrete krav til styra og etablere rutinar for å evaluere styret sitt arbeid.
- Medverke til at selskapa kjenner posisjonen og haldningane fylkeskommunen har som eigar.

Eigarmeldinga har to delar med fire hovudpunkt:

- Del I:**
- 1) Eigarpolitikk
  - 2) Retningslinjer for eigarutøving
  - 3) Rutinar for eigarutøving
- Del II:**
- 4) Omtale av kvart selskap

Selskapa er i del II organiserte ut frå selskapsform. Under kvar selskapsform er selskapa organisert ut frå fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen eller typen verksemd: investering, næringsutvikling, samferdsle, opplæring, kultur, arbeidsmarknadsbedrifter og andre oppgåver:

Eigarmeldinga vert oppdatert årleg på bakgrunn av regelmessig orientering om og drøftingar med utsending til generalforsamling /representantskapen.

## 1. Eigarpolitikk

### 1.1 Bakgrunn og føremål bak fylkeskommunen sitt eigarskap

Føremålet bak fylkeskommunen sitt eigarskapet varierer etter kva type aktivitet og selskapsform selskapa har.

Fylkeskommunen sin eigarskap i aksjeselskap har blitt til på fleire måtar og av ulike årsaker:

- Omskiping av fylkeskommunale forvaltningsbedrifter. Desse bedriftene hadde som hovudmål å bygge infrastruktur innan samferdsle og energiforsyning i fylket. Etter kvart som desse bransjene har blitt konkurranseutsett, har selskapa vore skipa om til aksjeselskap og eigarskapen er motivert ut frå forretningsmessige mål, samt næringsstrategiske og samfunnsmessige mål (sikre arbeidsplassar, kompetanse, inntekter av naturressursar i fylket).
- Vere ein betydeleg bidragsytar og regional utviklingsaktør ved etablering av nye selskap, m.a. gjennom å kjøpe aksjar.

Eigarskapet har også vore motivert av fellestiltak saman med andre kommunar og fylkeskommunar gjennom interkommunale selskap (IKS) og anna interkommunalt samarbeid basert på avtale.

Fylkeskommunen si deltaking som opprettar av stiftingar har hovudsakleg oppstått ved at fylkeskommunen har fått invitasjon om å bli med som etablerer slik at stiftinga får nok stiftingskapital og så vurdert det aktuelle føremålet ved stiftinga.

### 1.2 Fylkeskommunalt eigarskap i dag

Fylkeskommunen har ved utgangen av oktober 2013 eigarskap i 20 aksjeselskap, 3 interkommunale selskap, 1 gjensidig selskap og 1 særlovsselskap. Av aksjeselskapa er to (Sogn og Fjordane Holding AS og

F1 Holding AS) heileigd av fylkeskommunen. Dei andre aksjeselskapa er eigde anten i lag med kommunar eller private, eller i ein kombinasjon av dette, og eigarprosenten varierer frå 80 % til 0,31 %.

Fylkeskommunen er medstiftar i 18 stiftingar.

Fylkeskommunen sine føremål med eigarskapen i selskapa i dag er sett saman av eitt eller fleire punkt:

- Sikre at investert kapital oppnår høgast mogeleg avkastning over tid, dvs. forretningsmessige mål.
- Sikre at inntekter av naturressursane i fylket kjem innbyggjarane i fylket til gode.
- Behalde og vidareutvikle arbeidsplassar; spesielt kompetansearbeidsplassar/FoU-miljø i fylket.
- Være ein viktig bidragsyta ved nyetableringar som ikkje vil kome opp og gå utan fylkeskommunalt medeigarskap.
- Sikre god infrastruktur i fylket (straum, vegar, kollektivtrafikk, FoU-miljø).
- Sikre gode fellesskapsløysingar innan einskilde område som t.d. kultur og revisjon.

## **1.3 Kriterium for å gå inn - og å bli sitjande - som eigar i selskap og opprettar av stiftingar**

Deltaking i nye prosjekt bør møtast med ei positiv tilnærming så langt eit eller fleire av kriteria som går fram av kapittel [1.2 Fylkeskommunalt eigarlag i dag](#), er oppfylt. I tillegg skal det gjennomførast ei normal risiko- og kostnad-/nyttevurdering for aktuelle tiltak.

Ved den årlege oppdateringa av eigarmeldinga vert det vurdert om enkeltengasjement bør avviklast. Vurderinga skal skje i nært samarbeid med dei partane det gjeld.

## **1.4 Val av selskapsform**

Det er viktig at selskapsform som vert vald passar verksemda sitt føremål, eigarstyringsbehovet, marknadsmessige høve og konkurranseregelverket.

Skal selskapet ta risiko og operere i ein markand, bør ein søke å avgrensa ansvaret for fylkeskommunen som eigar. Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi kan både interkommunale selskap og kommunale føretak vere hensiktsmessig. Stiftingar er ikkje anbefala dersom verksemda krev eigarstyring.

## **1.5 Vurderingar ved avvikling av engasjement**

I eigarmeldinga del II vert det vurdert om enkeltengasjement i selskap bør avviklast.

Fylkeskommunen bør vurdere å gå ut t.d. dersom:

- Dei opphavlege føresetnadane ikkje lenger er til stades. Jo færre av kriteria i punkt 1.2 som framleis vert oppfylt, desto sterkare kan det tale for avvikling av eigarskapen.
- Dersom eit tiltak har utvikla seg så positivt at det er ”sjølvgåande” utan fylkeskommunalt eigarlag, slik at andre med fordel kan overta eigarlag og ansvar. Frigjort kapital kan då nyttast til anna investering.
- Når kriseramma selskap ikkje lenger har ei framtid.
- Dersom selskapet opptrer i strid med selskapets føremål og eller opptrer på ein måte som ikkje er i samsvar med fylkeskommunen sine verdiar.

## **1.6 Samfunnsansvar og etikk**

### **1.6.1 Samfunnsansvar og etikk hjå selskapa**

Fylkestinget er som eigar oppteken av at selskapa tek samfunnsansvar og driv si verksemd i tråd med kva som er etisk forsvarleg. Verdiskapinga i selskapa medverkar til velferd i samfunnet. Samfunnsansvar handlar om korleis verdiane vert skapte. Det handlar om korleis selskapa påverkar menneske, miljø og samfunn. Ansvarlege selskap tek omsyn til dette.

Fylkeskommunen føreset at samfunnsansvar i selskapa – i nødvendig grad – vert konkretisert gjennom at selskapa:

- vert drivne slik at dei i det store og heile gir eit positivt bidrag til samfunnet
- stiller seg opne til alle som har legitime interesser knytt til verksemda
- sameiner økonomi og etikk i alle deler og ledd av verksemda
- medverkar til ei utvikling som tener bærekraftig miljø og langsiktige utviklingsinteresser
- opptrer ansvarleg og langsiktig i omstillingss prosessar der ein tek omsyn til sårbarle lokalsamfunn
- har høgt ambisjonsnivå for satsing på forsking og utvikling
- arbeider systematisk og trygt med helse, miljø og tryggleik
- arbeider aktivt for likestilling i verksemda og i styret
- har ei medviten haldning til rekruttering av personar med minoritetsbakgrunn

Fylkeskommunen forventar at selskapa har etiske retningslinjer som m.a. omhandlar:

- nøkternt nivå på honorar/godtgjersle, gaver, reiser og liknande til styremedlemer med fleire
- interessekonfliktar
- forholdet til kundar, leverandørar og konkurrentar
- forholdet til medarbeidarane
- rutinar for varsling og reaksjonar/oppfylging av brot på retningslinene

## ***1.6.2 Samfunnsansvar og etikk hjå fylkeskommunen og fylkeskommunen sine utsendingar***

Fylkestinget vedtok i sak 36/93 etiske retningslinjer og prinsipp for fylkeskommunen. Dei ligg på fylkeskommunen sine nettsider. Desse gjeld for dei folkevalde i alle situasjonar der dei opptrer som folkevalde på vegne av fylkeskommunen, også når ein opptrer som fylkeskommunen sin eigarrepresentant.

Når ein person representerer fylkeskommunen i eit styre, er det selskapet sine etiske retningslinjer som gjeld for utøvinga av styreværet. Sjå også kapittel [2.2 Folkevalde som styremedlemmar](#) og kapittel [2.4 Folkevalde som eigarrepresentant](#), samt kapittel [3. Rutinar](#).

## **1.7 Eigarutøving dei siste to åra**

### ***1.7.1 Generell politikkendring***

Som eit resultat av vedtak i fylkestinget, lovendringar og med bakgrunn i tilrådingar etter selskapskontrollar i selskap som er fylkeskommunalt eigm, vil fylkeskommunen i nokre tilfelle kunne endre eigarpolitikk.

Reglane om habilitet i 100 % offentlege eigde selskap vart endra 1.1..2011. Ein folkevald og andre offentlege tenestemenn- og kvinner med tilknyting til eit selskap måtte rekna som ugild i handsaminga av sak der selskapet var part. Habilitetsreglane er utforma for å unngå samanblanding av rollar og tek i vare innbyggjarane sin tillit til fylkeskommunen. Det er viktig å vere merksam på at lovendringa ikkje set forbod mot å velje ein fylkestingmedlem som styremedlem i eit selskap, den seier berre kva konsekvensar det kan få for habiliteten i konkrete saker som kjem opp for det fylkeskommunale organet. Regelendringa er gjort greie for i kapittel [2.2 Habilitet – folkevalde i ulike rollar](#).

Fylkesrådmannen tilrår at det vert praksis at administrasjonen er med eigarrepresentanten i dei største selskapa eller i spesielle situasjonar. Bakrunnen for denne tilrådinga er å sikre gode kommunikasjons- og informasjonslinjer. Fylkesrådmannen meiner det har vore fylkestinget sin intensjon.

## **1.7.2 Enkeltsaker**

### **2011**

#### Selskapskontroll av Firda Billag AS

I fylkestingsak 58/11 vart rapport frå selskapskontroll av Firda Billag AS teke til etterretning av fylkestinget. Vidare instruerte fylkestinget at den juridiske vurderinga knytt til «Lov om offentlege anskaffingar» og «Offentleglova» vert sendt over til kontrollutvalet til orientering.

#### Endring av lånevilkår for Lutelandet Utvikling AS

I Fylkestingsak 62/11 fekk selskapet utsett tilbakebetaling på eit fylkeskommunalt lån med eitt år. Første nedbetaling av lånet vart sett til 15. oktober 2012. Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å fastsetje nærmare lånevilkår og til å gjere eventuelle framtidige endringar vedkomande tilbakebetaling av lånet og til lånevilkåra.

#### Opprettning av selskapet F1 Holding AS

I fylkestingssak 47/11 vedtok fylkestinget opprettning av heileigd fylkeskommunalt aksjeselskap, F1 Holding AS, og overføring av aksjane i Fjord1 Nordvestlandske AS til dette selskapet.

#### Eigarposisjon i Fjord1 Nordvestlandske AS

I fylkestingsak 42/11 vedtok fylkestinget å oppretthalde sin eigarskap på 59 % i Fjord1 Nordvestlandske AS gjennom selskapet F1 Holding AS. Fylkestinget gav fylkesutvalet fullmakt til å godkjenne eventuell aksjonæravtale.

#### Fylkesutvalsaker i 2011 der fylkesutvalet utøva eigarskap:

FU-sak 17/11 – val av representantar i Fjord Invest Såkorn AS og godkjenning av aksjonæravtale  
 FU-sak 21/11 – fylkeskommunal eigarpolitikk, Innovasjon Norge AS  
 FU-sak 25/11 – val av utsending til generalforsamling i Luna Industri AS  
 FU-sak 51/11 – oppnemning av medlemmar til styret for Stiftinga Vestlandsforskning  
 FU-sak 66/11 – forhandlingar om eigarposisjon i Fjord1 Nordvestlandske AS  
 FU-sak 84/11 – val av styreleiar for Musea i Sogn og fjordane  
 FU-sak 88/11 – eigarposisjon i Fjord1 Nordvestlandske AS  
 FU-sak 87/11 – handsaming av rapportane frå eigarutsendingane  
 FU-sak 94/11 – ny eigar i Fjord1 AS, val av styremedlem  
 FU-sak 110/11 – vedtektsendring, stiftinga Langvin  
 FU-sak 128/11 – val av medlemmar til styra i bustadstiftingane, valmøte i KLP, dei fleste eigarutsendingar til generalforsamlingar/representantskap  
 FU-sak 132/11 – endring i lånevilkår for Lutelandet utvikling AS

### **2012**

#### Vedtektsendring for Fjord1 AS

Fylkestinget vedtok i sak 13/12 å instruerte F1 Holding AS til å godkjenne avvikling av bedriftsforsamling i Fjord1 AS. Det vart vidare vedteke at F1 Holding ikkje skulle godkjenne dei framlagt vedtektsendringane, men foresla for Fjord1 AS at § 5 i vedtektena vart endra til at styret skal bestå av fem til tolv aksjonærvalde medlemmar.

#### Auke låneramme for Trivselshagen IKS

I møte 05.06.12 vedtok fylkestinget i sak 33/12 å auka låneramme til Trivselshagen IKS frå 95,5 mill. kr til 125,5 mill. kr.

#### Fylkestinget sitt møte med Sogn og fjordane Energi AS

SFE AS møtte fylkestinget og orienterte om status i selskapet i fylkestingssak 34/12. Fylkesordføraren la fram eigarvurderinga.

#### Fylkestinget sitt møte med Fjord1 AS

Fjord 1 AS møtte fylkestinget og orienterte om status i selskapet i fylkestingssak 35/12. Fylkesordføraren la fram eigarvurderinga.

#### Vedtektsendring i IS NDLA

I Sak 38/12 vedtok fylkestinget nye ”Vedtekter for det interfylkeskommunale samarbeidet Nasjonal Digital Læringsarena, NDLA”.

#### Selskapskontrollar perioden 2012-2016

I sak 39/12 vedtok fylkestinget plan for selskapskontroll for perioden 2012-2016.

#### Oppfølging av eigarskapskontroll Firda Billag AS

I sak 40/12 tok fylkestinget til vitande brev frå Firda Billag AS i samband med den tidlegare selskapskontrollen av selskapet. I brevet orienterte selskapet om at det ikkje vil bli gjennomført ei juridisk vurdering knytt til «Lov om offentlege anskaffingar» og «Offentleglova». Fylkestinget vedtok å instruere fylkesordføraren som eigar til å ta saka opp med dei andre eigarane av selskapet.

#### Rapportering frå eigarutsendingar året 2012

I tilknyting til framlagte rapportar frå eigarutsendingane i selskap i FU-sak 101/12, vedtok fylkesutvalet følgjande merknader:

1. Fylkesutvalet ønskjer ei eiga drøfting av Firda Billag AS
2. Fylkeskommunen deltek i den vidare strategiprosessen vedkomande AS Norsk Fjordhestsenter
3. Fylkeskommunen varsler utmelding i SF Revisjon AS innan fristen for slik varsling. Ei eventuell stadfesting av varslinga vert gjort i samband med at fylkestinget i oktober 2012 handsamar Eigarskapsmeldinga.
4. Fylkesutvalet ønskjer politisk representasjon på generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Teater

#### Eigarmeldinga 2012

I sak 46/12 vart eigarmeldinga for året 2011 vedteke i fylkestinget. Her vart det vedteke fleire styringssignal:

1. AS Norsk Fjordhestsenter. Fylkeskommunen deltek i strategiprosessen, og eigarskapen held fram inntil vidare:
2. Sogn og Fjordane Revisjon IKS. Fylkestinget stadfester varsel om utmelding av SF Revisjon IKS: 3) Fylkesutvalet får fullmakt til å gjøre naudsynte tiltak, t.d. søkje om vedtektsendring, slik at Helse Førde i framtida vel styret i Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal, Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid og Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane.
4. Fylkestinget ber om at det i framtida også vert rapportert på selskapet sitt etiske regelverk og implementering av dette.

#### Andre fylkesutvalsaker i 2012 der fylkesutvalet utøva eigarskap

FU-sak 09/12 – val av styremedlemmar til Botnaneset Industriselskap AS

FU-sak 40/12 – val av utsendingar til generalforsamlingar og representantskap

FU-sak 56/12 – utpeiking av styremedlemmar til Fjord1 og avvikling av bedriftsforsamling

FU-sak 57/12 – aksjonæravtale Fjord1

FU-sak 59/12 – utpeiking av styremedlemmar til SFE AS

FU-sak 96/12 – utpeiking av styremedlem til Fjord1 AS

FU-sak 153/12 – ny kostnadsfordelingsmodell i Sogn og Fjordane Revisjon IKS

## **2013**

#### Val av utsending til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Teater L/L

Fylkesutvalet vedtok i sak 19/13 at leiar for hovudutval for kultur vart ny utsending til generalforsamlinga for inneverande valperiode, medan nestleiar i hovudutvalet for kultur vert varamedlem.

#### Val av styre/råd i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

I FT-saka 9/13 vedtok fylkestinget å velje Harry Mowatt som styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane, samt Hilde Kvamsås Aa som varamedlem for styret. Vidare vedtok fylkestinget å delegere valretten til styre/råd for Musea i Sogn og Fjordane til hovudutvalet for kultur for framtida

### Selskapskontroll av Lutelandet Utvikling AS – føring om nye rutinar for cigarutøving

I sak 02/13 tok fylkestinget rapporten etter gjennomført eigarskapskontroll av Lutelandet utvikling til vitande. Vidare vedtok fylkestinget som eigar å oppmøde selskapet om å gjennomføre tilrådingane frå revisor i kapittel 8 i rapporten. Vidare forkasta fylkestinget eit framlegg om å instruere fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å utarbeida rutinar knytt til eigarane sine strategiske forventningar og krav til selskapet i samråd med dei andre eigarane av Lutelandet Utvikling AS.

### Firda Billag AS selde aksjar i Firda Billag Buss AS

Firda Billag selde i 2013 aksjar i Firda Billag Buss AS til Norgesbuss AS. Avtalen medfører at Firda Billag Buss AS ikkje lenger er ein del av konsernet Firda Billag AS. Dette tok fylkesutvalet til orientering i FU-sak 72/13.

### Ny aksjonæravtale mellom eigarane av Fjord 1 AS

I FU-sak 54/13 vedtok fylkesutvalet å instruere F1 Holding AS til å vidareføre aksjonæravtalen med Havilafjord AS i samsvar med det framlegget som var vedlagt saka. Generalforsamlinga til F1 Holding AS godkjende i sitt møte 11.juni 2013 aksjonæravtalen med Havilafjord AS.

### Fylkestinget sitt møte med SFE AS

SFE AS hadde eit overskott etter skatt på om lag 81 millionar kroner i 2012. SFE AS møtte fylkestinget den 11. juni 2012, sjå sak 24/13. Fylkesordføraren innleia møtet som vald eigarutsending for selskapet.

### Fylkestinget sitt møte med Fjord1 AS

Fjord 1 AS møtte fylkestinget 11. juni 2013, sjå FT-sak 25/13. Styreleiar og administrerande direktør hadde ei orientering. Fylkesordføraren innleia møtet som vald eigarutsending for selskapet. Fjord1 hadde eit underskott på om lag 100 millionar kroner i 2012.

Fjord1 AS har saman med Nordland fylkeskommune og Torghatten AS kjøpt 80 % av aksjane i Widerøe AS. Fjord1 AS sit med 34 % av aksjeposten som er kjøpt opp<sup>1</sup>. Fjord1 AS har ein aksjonæravtale som gjev større rettar enn ein normal 34% eigardel vil gje etter aksjelova. På sikt vil WF Holding AS ta over dei siste 20 % av Widerøe. Transaksjonen vart hausten 2013 akseptert av Konurransetilsynet og SAS sine bankar. Overtakinga skjedde 30. september 2013.

### Rapportering frå eigarrepresentantane

Fylkesutvalet tok rapportane frå eigarrepresentantane til orientering i FU-sak 72/13 den 21.08.13. I saka var det frå fylkesrådmannen uttrykt behov for å følgje opp situasjonen i Opplæringsfartøy AS nært i samband med det negative årsresultatet for 2012 og den vidare utviklinga av inntektssida til selskapet i 2013.

### **1.7.3 Konsekvensane av siste års vedtak**

#### Oppfølging av vedtaket i FT-sak 46/12 Eigarmeldinga 2012:

Til punkt 2: I etterkant av dette vedtaket har det ikkje skjedd ei utmelding av SF Revisjon IKS. Dette er fordi ein vart samde om ein ny fordeling kva gjaldt kostnadane. Utmelding vart såleis ikkje naudsynt. Våren 2013 har Lærdal kommune varsla utmelding. Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunen må vurdere om dette gjev grunnlag for ny vurdering om utmelding.

Til punkt 3: Det er ikkje sett i verk naudsynte tiltak slik at styret i Helse Førde for framtida vel styret i Bustadstiftingane. Det er hausten 2013 blitt retta formell førespurnad til Helse Førde om dei ynskjer å a over dei rettar og plikter fylkeskommunen har som opprettar av stiftingane. Dersom Helse Førde ynskjer dette, vil fylkesrådmannen starte prosessen med anten å søkje om vedtektsendring eller overføre rettane og pliktene til fylkeskommunen til ny ei stifting Helse Førde er opprettar av.

Til punkt 4: Det er kome som eige punkt i rapporteringsmalen for eigarutsendingane kvar representanten skal rapportere på om selskapet har etisk regelverk.

<sup>1</sup> Har sendt førespurnad til fjord1 v/Øverland 9/9-13

Oppfølging av FT-sak 02/13 Eigarskapskontroll Lutelandet Utvikling AS: I Eigarmeldinga for 2012 er det sett opp [2.7.2 Allment gjeldande eigarstrategi for alle selskapa](#) og [2.7.3 Utbyttepolitikk](#). Det er vidare presentert kva som er eigarføremålet og forventningane til dei enkelte selskapa i del II.

I Eigarmeldinga for 2012 er det i [3.4 Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap](#) utarbeidd nye rutinar for opplæring av dei folkevalde. Eigarmeldinga sin del I er i tillegg revidert med tanke på å kunne nyttast som eit kunnskapsdokument for den folkevalde.

### **1.7.4 Endra posisjon i høve til einskilde verksemder**

SF Revisjon IKS: Det har tidlegare vore gjort vedtak om å melde seg ut av SF Revisjon. På bakgrunn av fylkeskommunen sitt varsel om utmelding, kom deltakarane fram til ein ny fordelingsnøkkel for kostnadane. Det har såleis endra fylkeskommunen sitt ønske om å melde seg ut.

Luna Industri AS: Det har vore gjeve fullmakt til fylkesrådmannen om å vurdere eigarskapet i Luna Industri AS. Det vart gjort ei vurdering om at det ikkje var eigna kjøparar på eit tidspunkt. I årets eigarmelding har ein vurdert å vidareføre eigarskapen

Norsk Fjordhestsenter AS: Fylkeskommunen skal delta i den vidare strategiprosessen for selskapet, men må vurdere eigarskapen sin.

## **2. Retningsliner**

### **2.1 Interessekonflikt mellom eigarinteresser, selskapsinteresser og forvaltningsoppgåver - nokre problemstillingar**

Fylkeskommunen opptrer både som offentleg organ som handsamar forvaltningsoppgåver og som privat eigar med eigarinteresser. Denne rolleblandinga kan reise spørsmål om interessekonfliktar. For det første kan det at fylkeskommunen som offentleg organ har private eigarinteresser i ulike selskap skape interessekonfliktar når det skal fattast avgjerd i enkeltsaker. I slike situasjonar kan det hende at omsynet til eigarinteressene til fylkeskommunen utfordrar omsynet til at tilgjengelege ressursar vert forvalta på ein slik måte at det best mogleg gangar samfunnet og dei som bur i fylkeskommunen. Her vil folkevalde og tilsette kunne oppleve lojalitetskonfliktar ved utøvinga av dei ulike rollene.

For det andre kan det at enkelte folkevalde eller tilsette i fylkeskommunen har styreverv i eit selskap, skape interessekonfliktar for den folkevalde/tilsette når han eller ho skal vere med å fatte ei forvaltningsavgjerd. Utfordringa ligg i at eit styreverv er personleg og skil seg frå rolla som folkevald/tilsett i offentleg organ. Habilitetsspørsmålet må vurderast, men rolleblandinga treng ikkje få konsekvensar for forvaltningsoppgåvene. Det er i slike tilfelle viktig å ha ei medvite haldning til sin(e) roller(er) som fylkeskommunal representant og selskapsrepresentant, kva omsyn som ligg til dei ulike rollene og til kva tid dei ulike omsyna kan tilleggast vekt. Dette er for å hindre at det vert tvil om at ei fylkeskommunal forvaltningsavgjerd er fatta på sakleg grunnlag eller ikkje.

#### **Utanforliggande/usaklege omsyn i forvaltninga**

Fylkeskommunal forvaltning må i si sakshandsaming bygge på omsyn som er saklege og relevante i saka<sup>2</sup>. Det er krav om at ein offentleg tenestemann- og kvinne skal skilje mellom fellesinteresser og private interesser i skjønnsutøvinga knytt til forvaltingssaka som vert handsama<sup>3</sup>. Ein folkevald kan ikkje legge til grunn omsyn som spring ut frå private interesser, anten dette skriv seg til styrearbeid i eit selskap eller anna<sup>4</sup>. Dette vil vere å rekne som usaklege og/eller utanforliggande omsyn.

---

<sup>2</sup> Eckhoff/Smith, Forvaltningsrett, 8. utgåve, s. 366.

<sup>3</sup> Eckhoff/Smith, Forvaltningsrett, 8. utgåve, s. 187.

<sup>4</sup> Eckhoff/Smith, Forvaltningsrett, 8. utgåve, s. 371.

## **2.1.1 Døme på tilfelle der interessekonflikten kan oppstå i forvaltninga når fylkeskommunen er eigar i selskap**

Fylkeskommunen sitt eigarskap kan føre til at det oppstår utfordringar i utøvinga av forvaltningsmynde og folkestyre i til dømes slike samanhengar:

- Ved utforming av konsesjonsvilkår innan transport og energisektoren.
- Ved utøving av fylkeskommunalt reguleringsmynde på andre konkurranseutsette område, dersom det er fylkeskommunalt eigarskap i selskap som driv verksemd innanfor dette området.
- Ved tildeling av konsesjonar innanfor sektorar kor også fylkeskommunen utøver næringsverksemd.
- Ved anbodskonkurransar.
- Ved at fylkeskommunen gjer seg stadig meir økonomisk avhengig av inntekter frå slike selskap i høve utøving av primærverksemda knytt til folkestyre og utøving av forvaltningsmynde.

## **2.2 Habilitet – folkevalde i ulike rollar**

### **2.2.1 Generelt**

I saker der styremedlemmar og medlemmar av generalforsamlingar, representantskap og andre eigarorgan (eigarrepresentantane) er representert i folkevalde organ, er fylkestinget si oppfatning er at både rolleforståing og habilitet må handterast på ein måte som ikkje er eigna til å så tvil om at avgjerda er teke på sakleg grunnlag. Dei to viktigaste omsyna i høve fylkeskommunal utøving er:

1. at alle avgjerder blir tekne av uhilda personar
2. hindre at habilitetsreglane blir utvida utover lovkrava, med det resultat at folkevalde urettvist blir avskorne frå retten og plikta til å delta i saker organet får til handsaming.

At alle medlemer i fylkestinget registrerer sine interesser, både økonomiske og politiske, i styrevervregisteret, vil vere med på å identifisere den folkevalde sine ulike roller og synleggjere rollene for ålmenta.

Fylkestinget er av den oppfatning at slike økonomiske og politiske interesser generelt sett sjeldan vil utløyse inhabilitet med mindre det er særskilde høve som knyt seg til vedkomande person eller sak. Dersom omgrepet inhabilitet skulle strekkast så langt, ville det medføre ei innsnevring av det politiske handlingsrommet, og kan til slutt ramme rekrutteringa til politisk verksemd. Det er også eit poeng at denne type interesser og engasjement nettopp fører ein del menneske inn i politikken.

Det er viktig av alle medlemmar av fylkestinget registrerer sine interesser i: [www.styrevervregister.no](http://www.styrevervregister.no).

### **2.2.2 Reglane om habilitet**

#### **Habilitetsregelen i forvaltningslova § 6**

Føresegna i fvl. § 6, første avsnitt listar opp ein høve som automatisk medfører ugildskap – og er dermed uproblematisk å handtere.

Desse høva er:

- Når ein sjølv er part i saka
- Når ein er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande line eller i sideline så nær som søsken
- Når ein er gift med eller forlova med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til ein part
- Når ein er verje eller fullmektig for ein part i saka eller har vore det før saken byrja
- Når ein er **leiari eller har leiande stilling i**, eller er **medlem av styret eller bedriftsforsamling** for anten eit samvirkeføretak, foreining, sparebank eller **stifting** som er part i saka, eller eit **selskap** som er part i saka. For sistnemnde (selskap) gjeld det likevel ikkje for ein person som utfører tenester eller arbeid for selskapet som er fullt ut offentleg eigd og dette selskapet, åleine

eller saman med andre tilsvarande selskap eller det offentlege, fullt ut eig selskapet som er part i saka.

Etter lovendringa som vart sett i verk 1. november 2011 vil ein fylkestingmedlem vere ugild når fylkestinget skal handsame ei sak der fylkestingmedlemen er medlem av styret eller sit i bedriftsforsamlinga for eit selskap som er part i saka, utan omsyn til om selskapet er privat eller offentleg eigmil.

Lovendringa gjeld ikkje for valde utsendingar til eigarorgana i selskapet, her generalforsamlingane og representantskap. Endringa vil heller ikkje omfatte medlemmar av andre organ i selskapet enn styre og bedriftsforsamlingar.

Andre avsnitt i fvl. § 6 omtalar ”andre særegne forhold” der personlege fordeler og ulemper for den folkevalde eller nærståande blir nemnt særskilt.

Ein vil ikkje utan vidare kunne nytte fvl. § 6 andre avsnitt til å fastslå ugildskap for tilfelle lovgjevinga direkte har fastsett at reglar om automatisk ugildskap ikkje skal gjelde. Det må krevjast noko «særlig» i tillegg til dette.

Vurderingstemaet i andre avsnitt er om dei ytre høva i saka generelt og objektivt sett er eigna til å svekke tilliten til den folkevalde. Praktiseringa av andre ledd er basert på folkevald skjønn. Ein skal i denne samanheng merke seg at det ikkje er anna rettspraksis på dette området enn Torghattendommen. Her la Högsterett til grunn at tre medlemmar av fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune som også var styremedlemmar i MRF, var ugilde i ei sak der fylkesutvalet handsama ei klage over tildeling av konsesjon og offentlege tilskot til eit snøggbåtsamband. Ein hovudregel fylkeskommunen bør ha etter denne dommen, er at tilhøve som gjeld konkurranse med private aktørar, t.d. konsesjonssaker, vil utløyse ugildskap.

Fylkestinget vurderer det slik at den folkevalde likevel må kunne vere med å diskutere og ta avgjerder i alminnelege politiske spørsmål, sjølv om det er generelle saker som kan påverke verksemda sitt interessefelt.

### Kommunelova § 40

Etter kommunelova. § 40, nr 1 og 2, har folkevalde både rett og plikt til å delta i møta i det fylkeskommunalt folkevalde organet og til å delta i handsaminga av saker og røyste for vedtak. Ugildskap kan gjere at denne retten og plikta må vike. Regelen i § 40, nr. 4 seier at organet kan frita ein medlem frå å delta i handsaminga av ei sak når han ber om det og ”vektige personlige grunner tilskir dette”. Denne regelen er ikkje meint å skulle brukast som ein habilitetsregel, men den vil likevel kunne vere til hjelp der habilitetsreglane i forvaltningslova i den konkrete saka byr på vanskelege og uklare avgrensingsspørsmål<sup>5</sup>.

Fra eigarskapsmeldinga sitt perspektiv er det hensiktsmessig å nemne at i tillegg til reglane i forvaltningslova § 6 har kommunelova § 40, nr. 3 også særreglar om habilitet for folkevalde.

### Særleg om anbodssaker

Fylkestinget er av den oppfatning at styremedlemer vil vere inhabile i all handsaming frå og med utarbeidning av anbodsgrunnlag og fram til endeleg avgjerd om kven som får tildelt kontrakt. Dette gjeld styremedlemmar i selskap som driv si verksemnd innanfor den marknaden anboden gjeld. Årsaken til dette er at ein ved utforming av anbodsgrunnlaget m.a. fastset tekniske spesifikasjonar på materiell. Deltek til dømes styremedlemmar i Fjord 1 AS i dette arbeidet eller desse er med på å godkjenne anbodsgrunnlaget i konkurranse om passasjertransport med ferje, kan dette utløyse grunngjevne skuldingar om at vedkomande har høve til å medverke til gunstige spesifikasjonar for sitt selskap.

Fylkestinget er av den oppfatning at det vil vere urimeleg å la slike medlemer stå utanfor dei alminnelege politiske drøftingar om fylkeskommunal rutetrafikk.

---

<sup>5</sup> Jf. kommentarutgåva til kommunelova forfatta av professor i forvaltningsrett Jan Fridtjof Bernt og Oddvar Overå

For meir om vurdering av folkevalde sin habilitet, sjå Kommunal- og regionaldepartementet sin rettleiar:  
[http://www.regieringen.no/nb/dep/krd/dok/veileddninger\\_brosjyrer/2011/habilitet-i-kommuner-og-fylkeskommuner.html?id=653489](http://www.regieringen.no/nb/dep/krd/dok/veileddninger_brosjyrer/2011/habilitet-i-kommuner-og-fylkeskommuner.html?id=653489)

## **2.3 Folkevalde som styremedlemmar**

### **2.3.1 Eigenskapar og kompetanse hjå styremedlemane**

Fylkestinget meiner at dei som sit i dei ulike styra må ha eigenskapar og kompetanse til å styre selskapet på ein god måte som samstundes er i samsvar med selskapet sin strategi og handlingsplan.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv, styremedlemmen representerer berre seg sjølv og ikkje eigarane. Han eller ho skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Det er den enkelte styremedlem sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemen er.

### **2.3.2 Styret sitt ansvar**

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap ligg til styret. Dette er heimla i aksjelova og lov om interkommunale selskap. Det betyr at det overordna myndet og ansvaret for forvaltninga av selskapet ligg til styret. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapen i eit IKS er selskapet sitt øvste organ, men dei deltek ikkje i forvaltninga av selskapet. Dei har rolla som såkalla operative eigarorgan.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med føremålet med selskapet. Styret skal difor sørge for at selskapet realiserer målet som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast.

### **2.3.3 Utpeiking av fylkeskommunen sine representantar i dei ulike styra**

Styra i selskapa vert valde av dei operative eigarorgana, her generalforsamling/representantskap. Eigarane kan påverke valet av styret ved å gi føringar til sine representantar i eigarorganet, samstundes med at eigarane i ein aksje/eigaravtale kan avtale ei fordeling av styreverva eller vedtekten gjev reglar om utpeiking av styremedlemane.

Fylkeskommunen skal etter avtalar og vedtekter i nokre selskap, peike ut ein eller fleire representantar til styra. I nokre selskap har ein valkomité. I nokre hove regulerer vedtekten samansettinga av valkomiteen.

Mynde til å peike ut representantar er delegert frå fylkestinget. Det følgjer av fylkeskommunen sitt delegeringsreglement punkt 4.1 at: «*Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l. er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg hører under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.*»

Med unnatak for styra i Fjord1 AS (via F1 Holding AS), Sogn og Fjordane Holding AS, Botnaneset Industriselskap AS og Sogn og Fjordane Teater L/L er det ikkje lagt opp til at fylkestinget eller fylkesutvalet skal vedta forslag på kandidatar til styra i vedtekter eller i eigaravtale.

I nokre selskap vert styra valde etter forslag frå ei valnemnd, dette gjeld til dømes for SFE AS. I dette tilfellet skal representantar frå aksjonærane vere medlemer i valnemnda. Fylkesordføraren vart i 2012 valt for to år.

Valretten til styre/råd for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er delegert til hovudutvalet for kultur.

I tilfelle der fylkestinget skal gå inn som ny eigar i aksjeselskap kan ein ta opp spørsmålet om å vedtekts- eller avtalefeste prosedyre for val av styret. Det vil vere ei god løysing at fleire av selskapene etablerer valnemnder som tek seg av å skaffe kandidatar til styret.

Det er lagt inn informasjon i del II for dei selskapa der fylkestinget har utpekt eigne representantar i styret.

### **2.3.4 Rollefordeling: fylkeskommunen sin praksis**

Eigarmelding 2008 syner til at det er lang praksis for at fylkestingsmedlemer blir peikt ut som kandidatar til styreverv i fylkeskommunalt eigde selskap.

Fylkestinget har oppretthalde praksisen med å ha folkevalde i ulike styreroller og er samtidig oppteken av å medverke til at styret som kollegium skal representer god nok breidde og relevant kompetanse. Det kan difor vere aktuelt å velje styremedlemer utan fylkeskommunal forankring. Dette vert meir aktuelt på grunn av lovendringane om habilitet.

### **2.3.5 Reglar om kjønnsbalanse i styra i aksjeselskap**

Stortinget vedtok våren 2009 krav om representasjon av begge kjønn i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Kravet er lovfesta i kommunelova § 80 a som syner til aksjelova § 20-6 som regulerer kjønnsbalansen i statsaksjeselskap. For at eit selskap skal kunne reknast for å vere kommunalt kontrollerte aksjeselskap må kommunar og fylkeskommunar til saman eige minst to tredeler av aksjane i selskapet.

Aksjelova § 20-6, 1. ledd lyder:

- ” (1) I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:
  1. Har styret to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert.
  2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
  3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.
  4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
  5. Reglene i nr 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.”

## **2.4 Folkevalde som eigarrepresentant**

Fylkestinget har peikt ut kven som skal sendast ut som aksjonær i eigarorgana til selskapa, og desse er i hovudsak medlemmar av fylkestinget. Andre enn fylkestingmedlemmar er også valde som eigarutsendingar. Desse har såleis fått delegert ansvar og fått fullmakt til å møte på eigarmøte på vegne av fylkestinget.

### **2.4.1 Krav til fylkeskommunen sin eigarrepresentant**

Det er viktig at eigarrepresentanten kjenner til fylkeskommunen sine allmenne og spesielle eigarstrategiar, samt føremålet med eigarselskapet i det enkelte selskapet. Det er samtidig eit krav om at eigarrepresentanten utøver si rolle i tråd med dette og det politiske fleirtal sine føringar.

### **2.4.2 Eigarorganet i selskapet sitt ansvar**

Eigarorganet utøvar eigarane sin øvste mynde i selskapet. For aksjeselskap er dette generalforsamlingar, medan det i interkommunale selskap er representantskapet som er øvste mynde. Eigarorganet har ein alminneleg instruks- og omgjeringsrett i høve styret. Det er såleis gjennom eigarorganet at eigarane har moglegheit til å påverke styringa av selskapet.

Det er opent for at eigarorganet kan ta opp og fatte vedtak i ein kvar sak som gjeld selskapet. Det er for aksjeselskap lovbestemt at det skal haldast ordinær generalforsamling kvar årsrekneskap, årsmelding og korleis overskott eller underskott skal nyttast eller dekkast, vert handsama. Generalforsamlinga i eit aksjeseleskap vel styret, med mindre selskapet har bedriftsforsamling.

### **2.4.3 Utpeiking av fylkeskommunen sine representantar i dei ulike eigarorgan**

Fylkestinget sitt mynde til å nemne opp representantar til generalforsamlingar i aksje-selskap er delegert til fylkesutvalet når eigaposten er minst 100 000 kr og som hovudregel til fylkesrådmannen når eigaposten er under 100 000 kr.

Fylkestinget ser ikkje grunnar for å sende fleire representantar enn kva som er naudsynt til møter i eigarorganet, då eigarrepresentanten vil vere bunde av fylkesutvalet sin instruks. Fylkestinget ser det som hensiktsmessig å avgrense storleiken på representantskap og generalforsamlingar til det som er naudsynt og hensiktsmessig. I spesielle saker og for enkelte selskap, tilrår fylkesrådmannen at ein frå administrasjonen er med eigarutsendinga.

Val av representantar til eigarorgan i selskapa blir normalt gjort kvart 4. år ved første konstituerande møte etter Fylkestingval.

I FU-sak 101/12 vart det vedteke at det skal vere politisk valt utsending til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Teater, trass i at eigaposten er mindre enn kr 80 000. Sogn og Fjordane fylkeskommune eig 80 % av aksjane i Sogn og Fjordane Teater. Det er også naturleg at det er politisk valt utsending i Sogn og Fjordane Holding AS, trass i at aksjekapitalen er redusert til kr 30 000. Dette er fordi fylkeskommunen eig 100 % av aksjane i selskapet.

Representantane til representantskapa i interkommunale selskap vert valde av fylkestinget i samsvar med kravet i IKS-lova. Føresetnaden her er at det berre er dei valde representantane som kan møte.

Det vart i FU-sak 32/07 vedteke at for selskap der eigarskapen er under 3 000 kr skal fylkeskommunen ikkje møte på generalforsamlinga. Dette gjeld pr. dags dato berre Kommunekraft AS.

### **2.4.4. Eigarmøte**

Ordninga er at dei som er valde som utsendingar til generalforsamlingane også møter på ”eigarmøta”, eventuelt supplert med ein representant frå administrasjonen.

### **2.4.5 Rollefordeling: fylkeskommunen sin praksis**

Fylkestinget sin praksis er at fylkesordførar og dernest fylkesvaraordførar vert vald som eigarutsending i selskap kvar fylkestinget meiner det er naudsynt at politisk leiar er til stades. Elles er det praksis at andre folkevalde eller nokon frå fylkeskommunen sin administrasjon vert vald som eigarutsending. I nokre tilfelle er andre kompetansepersonar med tilknyting til fylkeskommunen vald som utsending i selskap sitt eigarorgan på vegne fylkestinget.

## **2.5 Styringsgrep**

Det er viktig at fylkestinget utviklar klare eigarstrategiar i hove kvart enkelt selskap, slik at selskapa både kan utvikle seg slik fylkestinget meiner er riktig og innanfor rammene som føremålet bak eigarskapen set.

### **2.5.1 Utbyttepolitikk**

Utbyttepolitikk er ein del av eigarskapspolitikken fylkestinget har ovanfor nokre aksjeselskap. For tida er det berre Fjord 1 AS (via F1 Holding AS) og SFE AS som gjev utbytte til fylkeskommunen.

Eigar har ansvar for forsvarleg kapital i selskapet og det må påverke utbyttepolitikken til fylkeskommunen. Det er viktig at eigar vurderer om selskapet sitt føremål vil kunne realiserast dersom ein tek ut utbytte frå eit selskap. Som regel vil selskapet si leiing ha uttala seg om dette. Uttalen bør vere utgangspunktet og rettesnora for vurderinga av om det skal takast ut utbytte.

## 3. Rutinar

Det er naudsynt med rutinar for å få eigarstyringa til å fungere mest mogleg effektivt og i tråd med dei politiske vedtak. Hensikta er å etablere ein god informasjonsflyt og kontakt mellom partane.

### 3.1 Roller og ansvar

Kommunelova regulerer fylkestinget sin funksjon, rolle og ansvar som fylkeskommunens øvste mynde.

Fylkestinget si delegering til fylkesutvalet eller andre organ går fram av fylkeskommunen sitt delegeringsreglement. Fylkesutvalet førebur handsaming av dei respektive selskap sine eigarmøter og instruerer gjennom dette fylkeskommunen sine eigarutsendingar.

Samhandlinga mellom fylkestinget og oppnemnd eigarorgan er ikkje regulert i selskapslovgjevinga

### 3.2 Rollefordeling i den fylkeskommunale verksemda

#### 3.2.1 Fylkesutvalet si rolle

I dei fleste sakene som vedkjem fylkeskommunen sine selskap utøver fylkesutvalet eigarskapet på vegne av fylkestinget slik det følger av delegeringsreglementet.

#### 3.2.2 Fylkesordføraren si rolle

Fylkesordføraren har ingen formell lovpålagd rolle i høve fylkeskommunen sitt eigarskap, med mindre fylkestinget har gjort særskilde vedtak om obligatoriske oppgåver. Det er ikkje fatta slikt vedtak i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette medfører at ordføraren ikkje har nokon annan funksjon ovanfor fylkeskommunen sine eigarinteresser enn dei andre folkevalde, med mindre fylkesordføraren blir gjeve mynde av fylkestinget. Dersom fylkesordføraren deltek på eigarmøte som fylkeskommunen sin eigarutsending, representerer han eller ho det politiske fleirtal. Dersom fylkesordføraren sit i styret til eit av selskapene fylkeskommunen har eigarskap i, er dette eit personeleg verv og han eller ho skal utføre dette vervet i samsvar med selskapet sine interesser.

#### 3.2.3 Den folkevalde si rolle

Den folkevalde har som medlem av fylkestinget ein eigarrolle gjennom rolla og ansvaret som medlem av fylkestinget. Den enkelte folkevalde har såleis ingen eigarrolle som enkeltperson. Det same høve gjeld for medlemmane av fylkesutvalet eller andre politiske organ som er gjeve mynde av fylkestinget til å utøve ei eigarrolle..

#### 3.2.4 Fylkesrådmannen si rolle

Fylkesrådmannen har etter kommunelova ansvar for at alle saker som vert fremja til politisk handsaming skal vere fullt ut forsvarleg utgreidd. Fylkesrådmannen sine utgreiingar er ein naturleg del av slutningsgrunnlaget for vedtak i eigarsaker. Fylkesrådmannen føl opp at fylkestinget sine mål nedfelt i eigameldinga vert realiserte.

### 3.3 Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap

Fylkesrådmannen tilrår at det blir vedteke ein plan for opplæring av folkevalde om eigarrolla for å vil styrke den fylkeskommunale eigarskapen.

#### Plan

Innan 6 månader etter fylkestingsvalet, skal det haldast ei opplæring av dei folkevalde om eigarrolla. Etter 2 år skal det haldast eit oppfriskingsseminar.

#### Innhald

Det er viktig at dei folkevalde har kompetanse knytt til lovverket for eigarstyring. Dei folkevalde må få innsikt i ulike roller som folkevald, og i tilfelle som styremedlem og representant i eigarorganet til

selskapet. Det er behov for at dei folkevalde er bevisst dei ulike rollene, styringslinene og ansvarsfordelinga for å kunne utøve best mogleg aktivt eigarskap. Opplæringa vil klargjere korleis fylkestinget si eigarrolle skal utøvast, korleis eigarkommunikasjon til eigarorganet i selskapet skal skje. Tidspunktet for opplæring vert bestemt av fylkesutvalet.

### **3.4 Korleis utøve fylkeskommunal eigarskap**

Det er fylkesutvalet som løpande utøver eigarrolla i selskap på vegne av fylkestinget. Dette fol blant anna av delegeringsreglementet punkt 4.1 og 4.5. Fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet vert utøvd gjennom den valde representanten i det operative eigarorganet, dvs. representantskapen eller generalforsamlinga. Representanten skal utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapet og må difor reflektere fleirtalet i fylkesutvalet. Det er difor viktig med dialog mellom fylkesutvalet og representanten i generalforsamlinga eller representantskapen for aktivt å kunne utøve eigarstyring – dette er nærmere omtala under kapittel [3.8 Eigarrepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen](#).

Ved utøvinga av eigarskap i aksjeselskap og interkommunale selskap skal fylkesutvalet særleg legge vekt på at fylkeskommunen fører kontroll med eigarinteressene, og at representantane i dei operative eigarorgana utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser i samsvar med fylkestinget sine og i samsvar med selskapslovgivinga.

Fylkesutvalet drøftar regelmessig eigarskapen til fylkeskommunen i dei ulike selskapa, særleg om den er i samsvar med føremålet med eigarskapen i selskapet, kva forventningar ein har til selskapet og om fortsatt eigarskap er hensiktsmessig. Fylkesutvalet drøftar eigarskapen med fylkeskommunen sine eigarrepresentantar i representantskap og generalforsamlingane. Rutinar for dette går fram av [3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring](#). God eigarskapsstyring er mellom anna å gje klare signal til eigarrepresentantane om fylkestinget sitt mål og strategi med eigarskapen i det enkelte selskapet.

Fylkestinget utøver eit aktivt eigarskap gjennom å formulere klare forventningar og krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa, gjennom representantane i dei operative eigarorgana i selskapet. Ein oversikt over kva forventingar fylkestinget har til dei ulike selskapa går fram av del II i eigarmeldinga. Rutinar for aktivt eigarskap går elles fram av [3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring](#).

### **3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring**

Utsendingane drøfter saker/eigarpolitikken i høve kvart enkelt selskap med fylkestinget eller fylkesutvalet på eit eigarmøte minst ein gong for året. Det vert arrangert eit «vårmøte» i mars kvart år, kvar alle eigarutsendingar vert invitert til å møte fylkesutvalet. Tilrådinga frå fylkesrådmannen er at eigarutsendinga berre møter dersom han eller ho har spesielle saker som bør drøftast med fylkesutvalet. Fylkesutvalet kan også be ein eigarrepresentant om å møte i utvalet. Slike saker vert meld inn i forkant av møtet. Når desse drøftingane skjer i fylkesutvalet skal utvalet supplerast med representantar frå dei partia som ikkje er medlem der. Drøftingane bør som hovudregel gjelde for aksjeselskap og interkommunale selskap der fylkeskommunen har ein eigarskap på minst 100 000 kr og dette utgjer minst 15 % av eigarskapen i selskapet, eller for selskap med lågare eigarandel når det er viktig av strategiske omsyn.

For Fjord1 Nordvestlandske AS og SFE AS skal slike drøftingane også skje i fylkestinget, normalt i byrjinga av juni kvart år.

Når eigarrepresentanten har motteke innkalling og sakliste til ordinær generalforsamling eller representantskap i selskapet, kan ho eller han løfte spesielle saker opp til fylkesutvalet. Eigarutsendinga vil då få høve til å drøfte saka med fylkesutvalet. Føremålet er å ta imot styringssignal frå fylkesutvalet om eigarutøving for komande generalforsamling/representantskap.

Utsendingane eller vara møter på generalforsamling/representantskap. Her opptrer eigarutsendinga i tråd med styringsinstruksane ho eller han har fått av det politiske fleirtal i fylkesutvalet.

Representantar frå Fjord1 AS og SFE AS vert invitert til fylkestinget i juni for å orientere om årsrekneskap og aktuelle saker.

I etterkant av eigarmøtet i selskapa utarbeider eigarutsendinga ein skriftleg rapport til fylkesutvalet. Rapporteringsfristen er 31. juli. Rapporten skal omhandle hovudtrekka i årsrekneskapen, årsrapporten og andre viktige saker. Ein mal for denne rapporteringa er utarbeidd. Eigarutsendingen skal ved innsendinga av rapporten legge ved innkalling til generalforsamlinga, årsmelding, årsrekneskap, andre vedlegg til saklista og protokoll frå generalforsamlinga.

Rapportane frå utsendingane vert sendt ut i høveleg tid før første fylkesutvalsmøte etter sommaren. Fylkesutvalet tek rapportane til orientering, og det er høve til å drøfte eventuelle spørsmål.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert ny rutine at protokoll frå styremøter i selskap vert sendt over til fylkeskommunen. Dette gjeld berre for selskap der fylkeskommunen sin eigarposisjon er betydeleg og der situasjonen tilseier det. Fylkeskommunen vil be dei selskapa det gjeld, innarbeide dette som fast rutine. Slik rutine er fast innarbeidd for Fjord1 AS.

Kvart år vert oppdatert eigarmelding lagt fram for fylkestinget i oktober. Her skal tinget ta stilling til om fylkeskommunen skal vidareføre eigarskapen i dei enkelte selskapa. I tillegg rår fylkesrådmannen til at det vert teke stilling til om det er særskilde forventingar til dei einskilde selskapa framover. Dersom det er særskilde forventingar til selskapa, vert dette teke inn som eige punkt under presentasjonen av selskapet i eigarmeldinga, del II.

Det nye punktet om særskilde forventingar til selskapet i del II er av fylkesrådmannen tilrådd som ei ny rutine i eigaroppfølginga til fylkeskommunen. Dette er for å gjøre det tydelegare for selskapet og ålmenta dersom fylkestinget har særskilde forventingar til det enkelte selskapet. Denne nye rutinen er eit resultat av at det under handsaminga av FT-sak 02/13 kom signal om at ein ynskja å vurdere rutinane knytt til fylkeskommunen sine strategiske forventingar og krav til selskapa ein har eigarskap i. Det har også vore ei tilråding frå revisor i to selskapskontrollar (Firda Billag AS og Lutelandet Utvikling AS) at det vert utarbeidd rutinar knytt til fylkeskommunen sine strategiske forventingar og krav til selskapa.

I same fylkestingssak vart det gjeve signal om at ein burde sjå på behovet for opplæring av dei folkevalde, slik at det vert auke bevisstheit rundt roller, ansvar og styringslinjer i dei forskjellige verva den folkevalde er i. Fylkesrådmannen tilrår at det vert vedteke ein plan for opplæring av folkevalde som handlar om fylkeskommunal eigarskap. Planen er nærmere gjort greie for i kapittel [3.3 Opplæring av folkevalde som skal uteve eigarskap](#). Ansvoaret for opplæring av styremedlemmar ligg til det enkelte selskap.

### **3.6 Rutinar for fylkeskommunen i forkant av eigarmøter i selskapa**

Det vert sendt ut melding frå fylkeskommunen til alle selskapa der ein oppmodar om å varsle om generalforsamling i god tid. Det er presisert at møtetidspunkt bør fastsetjast så tidleg som mogleg, medan sakliste og sakspapir kan sendast ut i samsvar med den lovfesta fristen. I meldinga frå fylkeskommunen til alle selskapa, vil det bli oppmoda om at selskapa sender innkalling til generalforsamlinga, saman med årsrekneskap og årsmelding til fylkeskommunen og eigarutsendinga. Det sam gjeld protokoll frå generalforsamlinga.

Dersom korkje den valde utsendinga eller vara kan møte på generalforsamlinga, er det i utgangspunktet ingen som møter for fylkeskommunen. Dette kan i ein del tilfelle vere uheldig. Ein utveg kan då vere at den valde utsendinga gir fullmakt til ein anna til å møte.

## **3.7 Styrerepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen**

Når styremedlem som vert vald inn som ein av dei representantane fylkeskommunen kan innstille til val, er det ynskjeleg å sikrar god kommunikasjon mellom eigar og selskapet.

Styrerepresentant må syte for at saker som vert teke opp i styret som er av slik karakter at det bør løftast opp til eigar, blir drøfta med eigarorganet gjennom fylkeskommunen sin eigarutsending i selskapet.

## **3.8 Eigarrepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen**

Eigarrepresentanten er den som opptrer på fylkeskommunen sine vegne som eigar ovanfor selskapet.

Det er utsendingane til dei operative eigarorgana, generalforsamlingar og representantskap, si oppgåve å utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapet. Denne utøvinga av eigarstyringa skal reflektere fleirtalet i fylkestinget.

Eigarrepresentanten deltek på møter med fylkesutvalet som fylkeskommunalt eigarorgan når det er behov for det. Eigarrepresentanten rapporterer attende til fylkeskommunen etter generalforsamling/representantskap.

Fylkestinget ser det som hensiktsmessig at eigarutsendinga i det enkelte selskap ber om instruks frå fylkesutvalet i forkant av ordinært eigarmøte når dette er naturleg.

Denne rutinen skal gjennomførast for selskap som fylkeskommunen sin eigardel er minst 100 000 kr og dette utgjer minst 15 % av eigarskapen i selskapet, eller for selskap med lågare eigardel når det er viktig av strategiske omsyn.

## **3.9 Tilsyn og kontroll med fylkeskommunen sine interesser i selskapet**

Ved innføring av nytt kapittel 12 i kommunelova med verknad frå 1. juli 2004 fekk kontrollutvalet mellom anna ei ny rolle i høve å utføre kontroll med fylkeskommunen sit eigarskap i selskap. Forskrift om kontrollutval heimlar at utvalet pliktar å sjå til at det vert gjennomført kontroll med forvalting av fylkeskommunen sine eigarinteresser og om eigarinteressene utøvast i samsvar med fylkestinget sitt vedtak og føresetnader.

I forskrift om kontrollutval vert selskapskontroll konkret handsama i § 14. Her blir eigarskapskontrollen, forklart som nødvendige undersøkingar for at kontrolløren (revisor) skal kunne gje ein kvalifisert vurdering av forvaltninga av fylkeskommunen sine eigarinteresser.

Primært handlar eigarskapskontrollen om å kontrollere at organet som forvaltar fylkeskommunen sitt eigarskap utøver dette myndet på den måten som er fastsett i gjeldande regelverk, til dømes aksjelova. Eigarskapskontrollen omfattar i tillegg ei vurdering av om den som utøver eigarinteressene gjer dette i samsvar med fylkeskommunen sine vedtak og føresetnader for forvaltninga av eigarinteressene.

I fylkestingsak 43/11 er det fatta vedtak om retningslinjer for kontrollutvalet. Vidare går det fram av vedtaket at det er rutine at kontrollutvalet for kvar valperiode utarbeidar plan for verksemda til utvalet, her planlagde selskapskontroller.

Fylkestinget vedtek planen for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll. Reglar for selskapskontrollen er lista opp i fylkestingsak 58/11.

Fylkestinget vedtok i sak 39/12 ein plan for selskapskontroll for perioden 2012-2016. I planens punkt 5 er det gjeve metode for gjennomføring av selskapskontroll. Planen er teke inn i kapittel [10. Vedteke plan for selskapskontroller for valperioden 2012-2016](#).

## Del II - SELSKAPSOVERSIKT

### 4. Omtale av kvart selskap

#### 4.1 Generelt

Meldinga er skriven for det meste med grunnlag i selskapa sine årsrekneskap og årsmeldingar frå 2011, protokollar og utsendingane sine rapportar frå generalforsamling/ representantskapsmøte, selskapsavtalar og vedtekter.

Meldinga omhandlar alle dei selskapa fylkeskommunen har eigarskap i. I tillegg kjem ein kort omtale om fylkeskommunen som selskapsmedlem i Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

verksemduene først delt inn i type selskapsform: interkommunale selskap, aksjeselskap inkl. særlovselskap, interkommunale samarbeid, gjensidige selskap og stiftingar. For aksjeselskapa er det opplistinga etter type verksemdu:

- Investering (inkluderer SFE AS, Sogn og Fjordane Holding AS og F1 Holding AS),
- Næringsutvikling (inkl. til dømes Botnaneset Industriselskap AS og Lutelandet Utvikling AS),
- Opplæring (inkluderer Opplæringsfartøy),
- Arbeidsmarknad (dei fire arbeidsmarknadsbedriftene),
- Eigne oppgåver (inkluderer t.d. Kommunekraft AS),
- Kultur (Sogn og Fjordane Teater L/L og Norsk Fjordhestsenter AS) og
- Samferdsle (Firda Billag AS).

Det er i omtalen av kvart selskap gjeve ei tilråding om fylkeskommunen bør halde fram som eigar, eller om eigarskapen bør avviklast. Det vert opp til fylkesutvalet i kvart tilfelle å ta stilling til eventuell avvikling. Berre store og prinsipielle saker må til fylkestinget for avgjerd, jf. delegeringsreglementet kapittel 4.5.

#### 4.2 Definisjon av nøkkeltal

I vurderinga av selskapet si økonomiske utvikling har vi brukt 4 nøkkeltal som seier noko om utvikling i lønnsemd a) og b), likviditet c) og soliditet d). Nedanfor følgjer definisjonen av nøkkelta.

a) *Totalrentabilitet*: (resultat før skatt + finanskostnader) / gjennomsnittleg totalkapital

Totalrentabiliteten syner avkastninga på totalkapitalen (lønnsemda) i det enkelte selskap i det enkelte år.

b) *Sjølfinansiering i % av langsiktig gjeld*: (resultat før skatt + avskrivinger) / langsiktig gjeld

Sjølvfinansieringsgraden viser selskapet si evne til å betene gjeld.

c) *Arbeidskapital i % av driftsinntekter*: (omløpsmidlar – kortsiktig gjeld) / driftsinntekter

Arbeidskapital i % av driftsinntekter seier noko om selskapet sin likviditet.

d) *Eigenkapitalprosent*: Eigenkapital / totalkapital

Eigenkapitalprosenta viser selskapet sin soliditet.

### 5. Interkommunale selskap (IKS)

#### 5.1 Deltaking er avgrensa, men ansvaret er uavgrensa

Interkommunale selskap (IKS) etter IKS-lova er sjølvstendige rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skild frå deltakarkommunane. Det må vere fleire deltagarar i selskapet, og berre kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap kan delta. Kvar av deltagarane har eit uavgrensa ansvar for ein del av selskapet sine samla forpliktingar. Samla sett skal deltagarnes ansvarsdel utgjere selskapet sine samla forpliktingar.

#### 5.2 Eigarskapet vert utøvd gjennom representantskapen

Selskapets øvste organ er representantskapen. Representantskapen er eigarane sitt organ, medan

forvaltning av selskapet ligg til styret og dagleg leiing. Deltakarkommunane utøver eigarskap gjennom medlemmer dei har valt inn i representantskapen. Etter IKS-lova § 6 ligg det til fylkestinget å velje representant til representantskapen. Valretten kan ikkje delegerast. Med unnatak av dei tilsettevalde styrerrepresentantar blir styret valt av representantskapen. Styret har forvaltningsmynda og må utøve mynde innanfor ramma av selskapets føremål, selskapsavtalen og selskapet sitt årsbudsjett som blir vedteke av representantskapen.

### 5.3 Utreden av Interkommunale selskap (IKS)

Eigarskap i interkommunale selskap kan ikkje overdragast til andre. For desse er ordninga at deltarane kan seie opp deltarforholdet sitt med eitt års varsel. Når ein trer ut av selskapet er hovudregelen at deltararen får utbetalat ein utløysingssum som er lik andelens nettoverdi.

#### **Trivselshagen IKS**

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å planleggje, byggje, eige og drive felles bygningsanlegg til undervisningsareal for Firda vidaregåande skule, og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppe kultursal, symjehall, idrettshall med vidare i samsvar med vedteke funksjonsplan.
<b>Etablert</b>	07.03.2007
<b>Deltakarar</b>	Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppe kommune
<b>Forretningskontor</b>	Gloppe kommune
<b>Rettlege rammer</b>	Lov om interkommunale selskap av 29.01.1999.
<b>Rammer</b>	Selskapsavtale av 07.03.2007, revidert 6.11.2012.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Ikkje omtala i årsmeldinga
<b>Representantskap</b>	Etter selskapsavtalen skal kvar eigar ha to representantar i representantskapen. Representantskapen skal veljast for fire år dersom ikkje anna er fastsett i selskapsavtalen. Representantskapen vel sjølv leiar og nestleiar.  Medlem til representantskapen vart vald i FT-sak 53/11.
<b>Val av styre</b>	Representantskapen vel styret og leiar og nestleiar av styret for 2 år av gongen. Styret skal ha 4 medlemmar med tre varamedlemmar i prioritert rekkefølge. Dagleg leiar eller representantskapsmedlemmar kan ikkje vere medlemmar i styret.  For Trivselshagen IKS har det vore vanleg praksis at Fylkesrådmannen peikar til representantar til styret og informerer eigarorganet til selskapet om dette.
<b>Styresamsetning</b>	Etter representantskapsmøtet i april 2012 er styret sett saman slik: Jan-Kjetil Øygard (leiar), Ragnhild Eimhellen (nestleiar), Inger-Marie Sande, Svein Hågård. Funksjonsperiode 2012-2014.  Representantar utpeikt av fylkeskommunen ved fylkesrådmannen: Inger-Marie Sande og Svein Hågård.
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	- Godtgjersle til styret ingen - Løn til dagleg leiar i selskapet: 650 000 kr, 50 % som dagleg leiar, 50 % som prosjektleiar.
<b>Eigar- og ansvarsdel</b>	Eigarprosent: 50 Eigardel: kr 47,1 mill. Sjå FT-sak 31/08.  Fylkeskommunen eig selskapet saman med Gloppe kommune og har eit innskott på 47,1 mill. kroner i selskapet.
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ca. kr 29,6 mill. kr i fylkeskommunalt lån som er fylkeskommunen sin del av selskapet si langsiktige gjeld.
<b>Revisor</b>	Kommunerevisjonen i Nordfjord.
<b>Adresse</b>	Grandavegen 9, c/o Gloppe kommune, 6823 Sandane
<b>Telefon/faks</b>	57 88 38 00
<b>e-post</b>	anniken.rygg@gloppen.kommune.no
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://trivselshagen.no/artikkelen.aspx?MId1=1326&amp;AId=5751">http://trivselshagen.no/artikkelen.aspx?MId1=1326&amp;AId=5751</a>

<b>Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)</b>			
(1000 kroner)	2010	2011	2012
Sum inntekt	12 033	5 829	12 702
Resultat etter skatt	94	326	50
Totalkapitalrentabilitet	1 %	1 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	12 %	4 %	2 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	159 %	82 %	326 %
Eigenkapitalprosent:	81 %	62 %	35 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Rekneskapet er avlagt etter kommunale rekneskapsprinsipp.  Mindreforbruket i 2012 på 0,050 mill. kr er avsett til disposisjonsfond. Stryret opplyser at årsaka til mindreforbruket er i hovudssak at bassenget vart opna seinare enn planlagd og at finanskostnadane har vore lågare enn budsjettet. Selskapet har svak lønnsemd, mens likviditeten er god. Soliditeten er framleis god, sjølv eigenkapitalprosenten har blitt redusert frå 2011.		
<b>Viktige hendingar i 2012</b>	Ein milepål har vore ferdigstilling av byggeprosjekt «Idrett del I». Ein merkar ein auke i bruken av Trivselshagen skule- og kulturbrygg, (byggjesteg 1) . Ein har nytta mykje tid og ressursar til opplæring og kurs av personale.		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Siste byggesteg for Trivselshagen IKS er idrett del 2, Storhallen. I august 2012 vart det inngått kontrakt om totalentreprise med Veidekke Entreprenør AS. Ferdigstilling er estimert til 15. oktober 2013.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Målet er at fylkeskommunen skal få dekka behovet for areal for Firda vidaregåande skule.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Fylkeskommunen eig halvparten av selskapet saman med Gloppen kommune. Eigarskapen i selskapet er grunngjeve ut frå at tiltaket er nødvendig for at fylkeskommunen skal få dekka behovet for areal til Firda vidaregåande skule. Samarbeidet mellom Gloppen kommune og Fylkeskommunen vil framleis vere føremålstenleg for å nyte dei nye anlegga på ein god måte.		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

## **Sogn og Fjordane Revisjon IKS**

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å dekkje deltakarane sine behov innan finansiell revisjon og selskapskontroll jf. kommunelova § 77 punkt 4 og 5 samt attestasjonsoppdrag. Slike tenester skal i tillegg kunne leverast til kommunale føretak, interkommunalt samarbeid og interkommunale selskap tilhøyrande deltakarane. I tillegg kan selskapet yte forvalningsrevisjon til deltakarane basert på særskilte avtalar eller rammeavtalar.
<b>Etablert</b>	01.01.2005
<b>Deltakarar</b>	Sogn og fjordane fylkeskommune, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal kommunar  Uttreden: kan berre skje pr. 31.12. utlösingssum skal vere andelen sin nettoverdi ved oppseiingsfristen sitt utløp. Summen skal likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sitt innskott. Krav om uttreden må varslast 1 år og 3 månadar før dato for uttreden.
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune
<b>Retslege rammer</b>	IKS-lova av 29. januar 1999 nr. 6.
<b>Rammer</b>	Selskapsavtalen av 25.09.2008
<b>Etiske retningslinjer</b>	Har utarbeidd «Våre verdiar» som ein finn på nettsidene.
<b>Representantskap</b>	Ifølgje selskapsavtalen skal kvar eigar ha éin representant i representantskapen. Representantskapen vel leiar og nestleiar. Desse vert valt for to år. Representantskapen skal veljast for fire år og samsvarar med fylkeskommunal/kommunal valperiode.

	Medlem til representantskapen vart vald i FT-sak 53/11.		
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha 5 medlemmar med 3 varamedlemmar i rekkje. Funksjonstida er to år. Same funksjonstid gjeld for leiar og nestleiar. Dagleg leiar, representantskapsmedlem eller medlem i kontrollutvala i eigarkommunane kan ikkje vere medlemmar i styret.		
<b>Styresamsetning</b>	Etter representantskapsmøte 2013 er styret sett saman slik: Arne Hovland (styreleiar), Per A. Kjollesdal (nestleiar), Gro Starheimseter, Ivar Slinde, Britt Dagrund Brugrand.  Valnemnda vart: Arild Ingar Lægreid (leiar), Åshild Kjelsnes, Ivar Kvalen. Neste styreval er sett til vårmøte 2015.		
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	- Godtgjersle til styreleieren: kr 45 150 pr. år. - Godtgjersle til andre styremedlemer og representantskapsmedlemer: kr 1 100 pr. møte. - Godtgjersle til leiaren i representantskapen: kr 14 710 pr. år. - Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen. - Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 734 600.		
<b>Eigar- og ansvarsdel</b>	Eigarprosent: 42 Eigarandel/innskot: kr 480 000  Fylkeskommunen eig selskapet saman med åtte kommunar og har betalt inn kr 480 000 i selskapet.  Utgifter til dekking av finansiell revisjon og attestasjonsoppdrag samt administrasjonsoppgåver til kommunane vert dekka av eigarane etter fast fordelingsnøkkelen der eigarandel utgjer 50 % og medgått tid 50 %. Det vert fakturert a-konto to gonger årleg. Oppdrag til eigarane som gjeld andre tenester og selskapskontroll vert fakturert i samsvar med særskilde avtalar eller rammeavtalar.		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Søreide revisjon AS		
<b>Adresse</b>	Askedalen 2, 6863 Leikanger		
<b>Telefon/faks</b>	57 65 61 00		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@sf-revisjon.no">post@sf-revisjon.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://sfrevisjon.no/">http://sfrevisjon.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)</b>			
(1000 kroner)	2010	2011	2012
<b>Sum inntekt</b>	6 295	5 398	5 702
<b>Resultat etter skatt</b>	676	-261	-213
<b>Totalkapitalrentabilitet</b>	21 %	-7 %	-6 %
<b>Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld</b>	-	-	-
<b>Arbeidskapital i % av driftsinntekter</b>	37 %	40 %	34 %
<b>Eigenkapitalprosent:</b>	78 %	74 %	67 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet sin rekneskap viser eit underskot på 0,2 mill. kr i 2012. Underskotet vert dekka av eigenkapitalen i selskapet. Sogn og Fjordane Revisjon forklarar underskotet med at det i 2012 har vore ein betydeleg auke i pensjonskostnadane og at inntektene knytt til andre kundar utanom kommunane vart lågare enn rekna med. Selskapet har ikkje som mål å tene pengar, slik at lønsemda sjølv sagt vert påverka av dette.  Selskapet har god likviditet og soliditet.		
<b>Viktige hendingar 2012</b>	Har ved utgangen av 2012 6 tilsette. Oppretta i 2012 datterselskapet Sogn Revisjon AS.		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Selskapet vil i samarbeid med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt arbeide for å auke selskapets totale kundeportefølje i Hordaland og Sogn og Fjordane.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkeskommunen sitt mål er å få dekka sitt nødvendige behov for		

	revisjonstenester mv. på best muleg måte.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Det kom fram i FT-sak 10/11 at ein ynskja å revurdere fordelinga av kostnadane mellom partane i selskapet, ut frå at fylkeskommunen betalte høvesvis meir enn dei andre deltararane. Den første dialogen med partane førte ikkje fram. I sak 101/12 vedtok fylkesutvalet å varsle utmelding av selskapet. I etterkant av vedtaket, vart det i dialog med dei andre deltararane kome fram til ein ny fordelingsnøkkel og fylkeskommunen vurderte det difor som føremålstenleg å fortsette deltakinga i selskapet, sjå FU-sak 153/12.  Lærdal Kommune har i 2013 varsla utmelding. Det vil vere naturleg å vurdere fortsatt fylkeskommunal deltaking dersom Lærdal kommune melder seg ut av samarbeidet.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen inntil vidare.</b>

## VIGO IKS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å utvikle/vidareutvikle, eige og/eller drifta, alt etter bestilling og i nært samarbeid med deltararane, fylkeskommunanes felles inntaks- og forvaltingssystem for elevar/lærlingar i Vigo og alt som elles står i naturleg samanheng med dette – til dømes skuleadministrative system. Selskapet skal vidare leve eller formidle levert naudsynt faglege kurs eller rettleiing til deltararane på systema ein har rettar/driftsoppgåver knytt til.
<b>Etablert</b>	01.01.2012
<b>Deltararar</b>	Østfold, Akershus, Aust-Agder, Buskerud, Finnmark, Hedmark, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Nordland, Oppland, Sogn og Fjordane, Vestfold, Troms, Telemark, Sør-Trøndelag, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder fylkeskommunar og Oslo kommune.  Uttreden: kvar enkelt deltarar kan fire år etter stiftinga tre ut av selskapet. Det må varslast eitt år på førehand og i samsvar med IKS-lova § 30. det vert ikkje utbetalt utløysingssum.
<b>Forretningskontor</b>	Telemark fylkeskommune
<b>Retslege rammer</b>	IKS-lova av 29. januar 1999 nr. 6. Offentleglova.
<b>Rammer</b>	SelskapsavtaLEN er ikkje datert
<b>Etiske retningslinjer</b>	Ikkje kjend
<b>Representantskap</b>	Består av ein representant med personleg vara for kvar deltarar.
<b>Val av styre</b>	Representantskapen vel styret, styrets leiari og nestleiari. Styret skal bestå av 5 medlemmar med varamedlemmar. Styremedlemmane har ein funksjonstid på to år, likevel slik at ved fyrstegongs val vert 3 av styremedlemmane gjeve funksjonstid på 3 år. Ved valet må det sikrast at alle opplæringsregionar er representert av styret.
<b>Styresamsetning</b>	Styreleiar Arly Hauge, nestleiar Bekka Skaasheim, Bjørn Marthinsen, Per Magne Aadnøy, Marthe Nermark,  Valkomité: Dan Femøen (leiari), Roy-Arne Andersen, Anne Elisabeth Djupvik.
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	-Styreleiar: 50 000 kr -Leiar av representantskapen: 15 000 kr -Dagleg leiari: 733 600 kr  Ikkje orientert om andre godtgjersler til styremedlemmane i årsmelding/representantmøtereferat. I selskapsavtaLEN § 5 står det at representantskapen vedtek satsar og reglement for godtgjersle til medlemmar av representantskap og styre.
<b>Eigar- og ansvarsdel</b>	Dei 19 deltararane har kvar ein del på 1/19 i selskapet.  Kvar deltarar er ansvarleg for 1/19 av selskapets samla gjeld.  Kvar av deltararane skal årleg betale inn eit beløp etter forslag frå

	representantskapen og vedtak i fylkestinget under eigen budsjettpost med forfall pr. 15. januar kvart å til dekning av «felleskostnad».
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingen
<b>Revisor</b>	Telemark kommunerevisjon
<b>Adresse</b>	Postboks 2844 Kjørbekk, 3702 SKIEN
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.vigo.no">www.vigo.no</a>
<b>Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)</b>	
(1000 kroner)	<b>2012</b>
Sum inntekt	37 122
Resultat etter skatt	20 504
Totalkapitalrentabilitet	-
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	40 132 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	59 %
Eigenkapitalprosent:	93 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Året 2012 er første ordinære driftsår for Vigo IKS, og rekneskapen har difor ikkje samanliknbare tal frå 2010 og 2011.</p> <p>Selskapet er finansiert av fylkeskommunane og Oslo kommune. Dei to største prosjekta kom seinare i gong enn planlagd, og difor vart ikkje ein stor del av dei budsjetterte midlane nytta. Desse er avsett til fond og er tenkt nytta i 2013.</p> <p>Likviditeten og soliditeten i selskapet etter første driftsår er god.</p>
<b>Viktige hendingar 2012</b>	Den store enkeltsatsinga i 2012 var å setje i gang prosess med å anskaffe nytt nasjonalt skuleadministrativt system (SAS). Arbeidet er godt i gang og kontrakt med leverandør vert planlagd ferdig siste halvår i 2013.
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Fortsette arbeidet med anskaffinga av SAS, samt drifte den ordinære verksemda i selskapet.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkestinget vedtok i sak 63/10 å gå inn som eigar i eit felles interkommunalt selskap for fylkeskommunane, eit selskap kalla Vigo IKS. Føremålet til selskapet er å ta hand om drifta av Vigo og eit eventuelt samarbeid om skuleadministrative system.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Fylkeskommunen er forplikta til å delta i dei første fire åra etter oppstart. Oppstartsåret var 2012. Det er ikkje aktuelt å vurdere eigarskapen på noverande tidspunkt.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## 6. Aksjeselskap (AS)

### 6.1 Avgrensa ansvar for deltararane

Eit aksjeselskap skal ha ein minste aksjekapital på 30.000 kroner og må til ei kvar tid ha ein forsvarleg eigenkapital. Et særtrekk ved aksjeselskapsforma er at deltararane ikkje er ansvarlig for selskapet sine forpliktingar, med mindre dette er særskilt avtala. På den andre sida rår ikkje eigarane fritt over selskapet sine inntekter og formue. Ynskjer aksjeeigarane å trekke ut midlar av selskapet, må dette skje etter nærmare reglar i aksjelova for utdeling av utbytte, nedsetting av aksjekapitalen eller opplysningsav selskapet.

### 6.2 Eigarskapet vert utøvd gjennom generalforsamlinga

Gjennom generalforsamlinga utøver eigarane den øvste mynda i selskapet. I generalforsamling kan eigarane gjennom vedtekter, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak sette rammer og gi nærmare reglar for styret og dagleg leiar si leiing av selskapet. Det er generalforsamlinga som vel av styret.

**Styret samla er øvste forvaltingsorgan, og dagleg drift vert ivaretaken av dagleg leiar**  
Selskapet vert leia av eit styre og en dagleg leiar. Styret har det overordna ansvaret for forvaltninga av

selskapet og for at det vert drive i samsvar med selskapets føremål og innanfor ramma av lovgjevinga, samt selskapet sine vedtekter og instruksar fastsatt av aksjonærane gjennom generalforsamling. Dagleg leiari står for den daglege leiinga av selskapets verksemd, og skal i denne samanheng følgje retningsliner og pålegg som styret har gjeve.

### 6.3 Uttreden av aksjeselskap

Dersom fylkeskommunen vurderer at det rette er å selja aksjane sine i eit aksjeselskap, vil aksjelova, saman med selskapet vedtekter og eventuell aksjonæravtale regulere nærmare korleis salet kan gjennomførast.

### 6.4 Investerings

#### **F1 Holding AS**

<b>Føremål</b>	Selskapet si verksemd er investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar i transportselskap og anna som står i samband med føremålet.
<b>Etablert</b>	23.09.2010. Sjå fylkestingsak 16/11.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 100. Aksjeposten sin pålydande verdi: 147 250 000 kr. I 2011 overførte fylkeskommunen heile aksjeposten i Fjord1 AS til F1 Holding AS. Denne aksjeposten i Fjord1 AS er på 59%.  Selskapets aksjekapital er 147 250 000 kr fordelt på 1 472 500 aksjar, kvar pålydande 100 kr.
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekten, revidert 6. april 2011.
<b>Aksjonæravtale</b>	Aksjonæravtale av 1. juni 2013
<b>Etiske retningslinjer</b>	Nei. Styremedlemmane føl fylkeskommunale retningslinjer.
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av eigarutsending frå fylkeskommunen til selskapet. Eigarutsendinga er vald for 4 år og følger fylkesvalperioden.
<b>Val av styre</b>	Styret består av tre medlemmar. Vedtekten regulerer ikkje kor lenge styret sit.
<b>Styresamansetning</b>	Styrets samansetning er per generalforsamling 2013: Åshild Kjelsnes (leiari), Jenny Følling og Frank Willy Pedersen Djuvik.
<b>Styret og dagleg leiars godtgjersle</b>	Ingen
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingen
<b>Revisor</b>	PricewaterhouseCoopers AS
<b>Adresse</b>	Askedalen 2, 6863 Leikanger
<b>Telefon/faks</b>	57 65 61 00
<b>e-post</b>	<a href="mailto:Jan.ohlckers@sfj.no">Jan.ohlckers@sfj.no</a>

#### **Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)**

(1000 kroner)	2010	2011	2012
<b>Sum inntekt</b>	3 023 458	2 980 459	2 399 388
<b>Resultat etter skatt</b>	202 244	71 747	-57 182
<b>Totalkapitalrentabilitet</b>	9 %	5 %	1 %
<b>Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld</b>	21 %	13 %	5 %
<b>Arbeidskapital i % av driftsinntekter</b>	0 %	-6 %	-8 %
<b>Eigenkapitalprosent:</b>	27 %	26 %	25 %

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Konsernet hadde i 2012 eit resultat før skatt på - 99,262 mill. kr. Vinst på 52,3 mill. kr for sal av buss- og verkstadverksemd er inkludert i dette underskotet. Tilsvarande resultat i 2011 var +98 mill. kr. Framførbart underskot m.m. gjer at resultatet etter skatt vert 57,182 mill. kr. Resultatsvekkinga skuldast i hovudsak svake marginar på kontraktar inngått i 2006-2009, nedskrivningar samt kostnader knytt til fusjonen mellom dei tidlegare sjøselskapa. I tillegg har datterselskapet Fjord1 AS utfordringar
--	---

	<p>på kostnadssida i høve kompensasjon for endringar i konsumprisindeksen. Driftsresultatet før avskring og nedskriving (EBITDA) for 2012 vart 310 mill. kr mot 484,6 mill. kr i 2011.</p> <p>Det er gjort nedskrivingar på skipsverdiar og moglege framtidige tap på kontraktar på til saman 20,4 mill. kr.</p> <p>Arbeidskapital i prosent av driftsinntekter er svak, men konsernet har ein konsernkontoordning med ledig trekk-rett på 141 mill. kr ved nyttår.</p> <p>Morselskapet F1 Holding AS hadde i 2012 eit resultat før skatt på -31 mill. kr. Det er avsett 29 mill. kr. til utbytte til Sogn og Fjordane fylkeskommune.</p> <p>Eigenkapitalen i morselskapet er på 365 mill kr. Dette tilsvarar 93% av totalkapitalen.</p>
<b>Viktige hendingar 2012</b>	Fjord1 AS kjøpte i 2013 80% av aksjane i Widerøe AS saman med Nordland Fylkeskommune og Torghatten AS.
<b>Viktige planar for dei komande åra</b>	Det vert lagt opp til nye rutinar for å følgje opp eigarskapet i Fjord1-konsernet. Det er ikkje lagt spesielle planar utover å forvalte eigarposten i Fjord1-konsernet på best mogleg måte.
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>F1 Holding AS vart etablert for å forvalte aksjane i Fjord1 AS. Dette skjedde i samband med prosessen om sal av aksjar som vart starta av Møre og Romsdal fylkeskommune.</p> <p>Bakgrunnen var å kunne bruke F1 Holding AS som eit middel ved ein eventuell bruk av forkjøpsretten. Forkjøpsretten vart ikkje nytta. No sikrar eigenkapitalen i selskapet moglegheiter ved investering.</p>
<b>Er eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Det er framleis føremålstenleg å eige aksjane i Fjord1 AS gjennom F1 Holding AS. Det må vurderast kontinuerleg.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

### **Fjord1 AS – einskilde postar**

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er sjølv, eller gjennom heilt eller delvis eigarskap i andre verksemder, å drive transport-, kommunikasjons-, og reiselivsverksemd. Selskapet skal engasjere seg i andre forretningsområde når dette er hensiktsmessig interessant og er eigne til å styrke hovudføremålet, eller dette fører til ei meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.
<b>Etablert</b>	09.05.2001
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>I 2011 overførte fylkeskommunen heile aksjeposten i Fjord1 til selskapet F1 Holding, som er heileigd av fylkeskommunen. denne aksjeposten var på 59 %. Andre aksjonærar er Havilafjord AS.</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er på kr 250.000.000 delt på 100.000 aksjar kvar pålydande kr 2.500.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Flora kommune
<b>Retslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekten, endra 21. april 2004, 21. desember 2010, 20. januar 2012, mai 2012. Sjå FT-sak 13/12. Aksjonæravtale av 1. juni 2013. (sjå FU-sak 56/12, 57/12 og 55/13)
<b>Etiske retningslinjer</b>	Kjem ikkje fram av årsmelding eller rapport frå eigarutsending. Årsmeldinga omtalar arbeidsmiljø, likestilling og diskriminering.
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av aksjonærane.
<b>Val av styre</b>	Selskapet sitt styre skal bestå av 8 medlemmar. Bedriftsforsamlinga er avvikla.
<b>Styresamansetning</b>	<p>Ingen i styret var på val i 2013. Styret er samansett slik: Reidar Sandal (leiar), Vegard Sævik (nestleiar), Heidi Kathrin Osland, Lars Pamer, Eva von Hirsch, Nils R. Sandal, Per Sævik (observatør).</p> <p>Fylkeskommunen peikar ut 4 medlemmar til styret, inkludert styreleiar. Representantar vald av fylkeskommunen/F1 Holding AS: Reidar Sandal, Nils R. Sandal, Heidi Kathrin Osland, Eva von Hirsch. Sjå FU-sak 56/12. Sist vedtak om utpeiking av styrekandidatar var i 37/08. Valperioden er formelt sett to år, men likevel slik at det så langt har vore underforstått at valperioden er 4 år og såleis i det vesentlege samanfallande med den fylkeskommunale valperioden.</p>

<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	-Styreleiar: 195 700 kr pr. år, -Nestleiar: 94 800 kr pr. år. -Medlemmar: 45 300 + 2 600 per møte, -Varamedlemmar: 3 100 per møte. -Dagleg leiar: lønn 1 853 000 kr, tilleggspensjonsordning 182 750 kr pr. år, anna godtgjersle 75 000 kr.
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingen.
<b>Revisor</b>	PricewaterhouseCoopers AS
<b>Adresse</b>	Pb. 354, 6902 Florø.
<b>Telefon/faks</b>	57 75 70 50
<b>e-post</b>	<a href="mailto:Fjord1@fjord1.no">Fjord1@fjord1.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.fjord1.no/">http://www.fjord1.no/</a>
<b>Viktige hendingar 2012</b>	Konsernet har i 2012 investert 288,6 millionar kroner i varige driftsmidlar. Ein har i 2012 overteke ein ny hurtigbåt som vart kjøpt frå Norled AS. Selskapet har selt to ferjer, to hurtigbåtar samt ein tidlegare mannskapsbustad. Sjå elles omtale under F1 Holding AS.
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	I byrjinga av 2013 kjøpte Fjord1 AS 80% av aksjane i Widerøe AS saman med Nordland Fylkeskommune og Torghatten AS. Sjå omtale av kjøpet under fylkestinget sitt møte med Fjord1 AS i sak 23/13.  I 2013 vil det bli gjort avgrensa investeringar i driftsmiddel. Selskapet konkurrantar om nye oppdrag på sjø, og framtidig investeringsnivå vil vere avhengig av utfall av desse konkurranseane. Sjå elles omtale under F1 Holding AS.
<b>Særskilde forventningar</b>	Styret må setje i verk turvande tiltak for å få eit monaleg betre resultat i 2013, jamfør orientering og drøfting i fylkestinget 12.06.13, FT-sak 25/13.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Sjå omtale under F1 Holding AS
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Sjå omtale under F1 Holding AS
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen gjennom F1 Holding AS.</b>

## ***Sogn og Fjordane Energi AS***

<b>Føremål</b>	<p>Selskapet sitt føremål er produksjon, omsetting og overføring av elektrisk energi, samt anna verksamhet knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette.</p> <p>Selskapet er eit energikonsern med hovudaktivitet innan vasskraftsproduksjon, krafthandel og kraftoverføring gjennom dei heileigde datterselskapene SFE Produksjon AS, SFE Kraft AS og SFE Nett AS.</p> <p>Selskapet og datterselskapene har eigarskap i fleire andre selskap. Dei seinare åra har konsernet vore ein aktiv medspelar i etablering av ein vindkraftindustri på Vestlandet, og har eigardel i selskapene Vestavind Kraft, Vestavind Offshore og Stadt Wind.</p> <p>Vestavind Kraft AS er eigd av SFE saman med 6 andre energiselskap på Vestlandet. Føremålet med selskapet er å utvikle, bygge, eige og drive vindkraftanlegg. SFE har også ein liten eigardel i selskapet Vestavind Offshore AS. Selskapet skal utvikle prosjekt for havbasert vindkraftproduksjon.</p> <p>SFE tilbyr også tenester innan rådgjeving mot småkraftmarknaden, entreprenørtenester, bustadar, enok-tenester og breibandtenester. SFE si breibandsatsing skjer gjennom Eninvest AS der dei har ein eigarskap på 38,7 %.</p> <p>SFE eig også 49,2 % av aksjane i biovarmeselskapet Fjord Miljøenergi AS og Ulvesund Kraftvarmeverk AS. Ulvesund Kraftvarmeverk AS har anleggs- og fjernvarmekonsesjon for eit varmekraftverk i Vågsøy basert på avfall som brensel, og prosjektutvikling pågår. Fjord Miljøenergi AS har konsesjon på eit flisfyrt anlegg i Førde.</p>
----------------	--

	Selskapet har også etablert eit rådgjevingsmiljø som er leiande innan energieffektivisering på Vestlandet.		
<b>Etablert</b>	16.09.2002		
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 48,15      Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 356 mill.</p> <p>Andre eigarar er BKK (38,54 %), Flora kommune, Gloppe kommune/Gloppe Energi AS, Bremanger kommune, Askvoll kommune, Selje kommune, Eid kommune og Naustdal kommune</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er totalt NOK 739.610.500 fordelt på 4.930.737 A-aksjar pålydande NOK 100 og 2.465.368 B-aksjar pålydande NOK 100.</p> <p>To tredjedelar av aksjane skal vere A-aksjar, og ein tredjedel skal vere B-aksjar. A-aksjane kan berre eigast av og vere omsettelege til aktørar som kan definerast som offentlege etter industrikonsesjonslova.</p>		
<b>Forretningskontor</b>	Gloppe kommune		
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova. Industrikonsesjonslova		
<b>Rammer</b>	Vedtekter av 12.06.2009. Dokument 1154347-v3 om eigarstyring og selskapsleiing utarbeidd av Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing.		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Årsmeldinga omtalar ikkje slikt regelverk, men omtalar arbeidsmiljø og likestilling, samt miljøperspektivet.		
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av aksjonærane.		
<b>Val av styre</b>	<p>Generalforsamlinga vel for to år av gongen tre medlemmer av ein valkomité som skal vere aksjeeigarar eller representantar for aksjeeigarane. Generalforsamlinga vel leiar i valkomiteen. Valkomiteen skal gje innstilling til generalforsamlinga om val av aksjonærvalte styremedlemmer og vararepresentantar, her forslag på styreleiar og nestleiar. Det er utarbeidd eigne instruksar for komiteens arbeid.</p> <p>Selskapet sitt styre skal ha frå 8 til 9 medlemer med like mange personlege vararepresentantar. Inntil 6 medlemer skal veljast av generalforsamlinga og inntil 3 skal veljast av og mellom dei tilsette. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar til styret. Alle val gjeld for 2 år. Styremedlemene kan ta gjenval.</p> <p>Val av styremedlemmer er regulert i aksjonæravtale med bakgrunn av størrelsen på eigardelen, og skal sikre brei representasjon frå aksjeeigarane mellom dei aksjonærvalde medlemene i styret.</p>		
<b>Styresamansetning</b>	<p>Ingen i styret var på val i 2013. Etter generalforsamlinga i 2012 er styret sett saman slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Per A. Kjøllestad (styreleiar)</li> <li>- Birger C. Schønberg (nestleiar)</li> <li>- Arvid Lillehaugen</li> <li>- Olin Johanne Henden</li> <li>- Kristin Linnerud</li> <li>- Bengt Solheim-Olsen</li> </ul>		
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Styreleiar: 128 000 kr pr. år</li> <li>- Nestleiar: 73 000 kr pr. år</li> <li>- Medlem: 61 000 kr</li> <li>- Varamedlem: 4 100 kr pr. møte</li> </ul>		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Bukta, 6823 Sandane		
<b>Telefon/faks</b>	57 88 47 00		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@sfe.no">post@sfe.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://sfe.no/">http://sfe.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)</b>			
<b>(1000 kroner)</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>
<b>Sum inntekt</b>	1 261 547	1 386 378	1 159 972

<b>Resultat etter skatt</b>	120 727	10 190	81 057
<b>Totalkapitalrentabilitet</b>	11 %	7 %	8 %
<b>Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld</b>	21 %	12 %	15 %
<b>Arbeidskapital i % av driftsinntekter</b>	-21 %	-30 %	-46 %
<b>Eigenkapitalprosent:</b>	30 %	29 %	29 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Inntektene er fordelt med kr 858 mill. fra sal av kraft, kr 258 mill. fra nettinntekter og kr 45 mill. fra andre driftsinntekter. Konsernet sine inntekter er reduserte fra 2011. Hovudgrunnen til dette er lågare kraftprisar.</p> <p>Resultat etter skatt i 2012 er på kr 81 mill. kr som er vesentleg betre enn i 2011. I årsmeldinga opplyser styret at resultatet er i samsvar med forventningane.</p> <p>Lønnsemda i selskapet er tilfredsstillande, og har auka marginalt frå året før.</p> <p>Eigenkapitaldelen pr. 31.12.2012 utgjer 29 % av totalkapitalen og er på om lag same nivå som dei to føregåande åra. Selskapet er såleis i ein god finansiell situasjon.</p> <p>Finansiell risiko vert handert ut frå vedtekne risikorammer innafor områda krafthandel og finans.</p> <p>Arbeidskapitalen er framleis negativ, men selskapet opplyser i si årsmelding at likviditeten er god. Selskapet har trekrettar på kr 300 mill. (her kr 200 mill. langsigktig). Pr 31.12.12 var trekretten unytta.</p> <p>Utbytte til fylkeskommunen: 2010: kr 43,3 mill., 2011: kr 19,2 mill., 2012: kr 27,8 mill.</p>		
<b>Viktige hendingar 2012</b>	<p>Ein har i 2012 følgd opp konsesjonssøknaden for Østerbø og Randalen kraftverk (storleik 200 GWh – Høyanger kommune) som er til slutthandsaming i OED. Det er gitt konsesjon for bygging av Grunnevatn og Leknesvatn kraftverk i Skorvenvassdraget (ca. 20 GWh – Askvoll kommune). Det er også gitt konsesjon på to småkraftverk tilhøyrande Svelgen Kraft AS (ca. 10 GWh – Bremanger kommune). Det er sendt melding for utbyggingsplanar i Gjengedalsvassdraget (storleik 130 GWh – Gloppen kommune) og arbeidet med KU (KonsekvensUtgreiing) vart gjennomført sommaren 2012, men vi ventar framleis på vedteke KU-program frå NVE.</p> <p>Konsesjonssøknad er no planlagt sendt i 2013. Det vart vidare sendt konsesjonssøknad for Ommdal kraftverk i Gjengedalsvassdraget (17 GWh), 4 småkraftverk i Norddalsvassdraget (ca. 70 GWh – Flora kommune) og Kviefossen kraftverk (ca. 5 GWh – Eid kommune). Det har også pågått arbeid med avtaleverk for utvikling av minikraftverk i Nausta (Naustdal kommune). Året 2012 var prega av lave kraftprisar og stor kraftproduksjon pga. gode tilsgigsforhold. Ekstremhendinga «Dagmar» har også prega SFE sterkt i 2012, i form av stor ressursbruk på oppryddingsarbeid og sluttreparasjoner (sluttføre mange naudreparasjoner) om vart teke mellombels under uveret med føremål snarast mogeleg straumforsyning. Det er også gjennomført vesentleg meir førebyggande skogrydding enn normalt, svarande til ressursbruk på i storleik 25 årsverk.</p> <p>Vestlandsalliansen har signert intensjonsavtale om kjøp av Statkraft sine aksjar (49,9 %) i BKK med oppgjer dels i kontantar og dels gjennom opprydding i krysseigarship i kraftverka på Vestlandet. SFE er ikkje direkte part i denne avtalen, men er likevel - saman med fylkeskommunen - i dialog med BKK og dei andre eigarane i Sognekraft om ei mogleg deltaking. Dette kan bidra til å styrke kjerneverksemndene ytterlegare og sikre eit noko større lokalt eigarskap til ressursane.</p> <p>Selskapet har om lag 260 tilsette.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Det er planlagd store investeringar på nett og produksjon, Grøne sertifikat. Det er planlagt vidare engasjement i vindkraft.</p> <p>Ved inngangen til 2013 hadde SFE sine vassmagasin ein fyllingsgrad på 66 %, dette</p>		

	<p>er omlag som normalt. Snømengda i fjellet er imidlertid langt lågare enn normalt og dette gjer at venta produksjon i 2013 er langt lågare enn i 2012, og også lågare enn middelproduksjonen på 2 065 GWh.</p> <p>SFE har som mål å realisere vasskraftproduksjon med ei produksjonsmengd på om lag 300 GWh innan 2020.</p> <p>SFE og Statkraft er i drøftingar om bytte av medeigararden i Leirdøla kraftverk mot kraftverka Svelgen I og II. Intensjonen er at SFE vil gje frå seg sine 35 % av Leirdøla mot å ta over verka i Svelgen saman med Tafjord Kraft og Sognekraft. Oppryddinga vil for SFE føre til ein ekstraordinær vinst frå sal av Leirdøla kraftverk. Frå SFE si side er det ein føresetnad for ein slik transaksjon at den ekstraordinære vinsten ikkje inngår i utbyttegrunnlaget frå selskapet då desse midlane skal nyttast til kjøp av Svelgen I/II og opprusting av kraftverket Svelgen I.</p> <p>Fylkestinget har tidlegare – i førebuingane til forvalningsreforma - skipa SFE Holding AS. Føremålet var å transportere aksjane til holdingselskapet. Gjennomføringa vart ikkje gjennomført då det synte seg at Sogn og Fjordane ville halde fram som eige fylke. Det som no skjer i vestlandsalliansen kan aktualisere ei slik overføring. Fylkestinget vil også her få saka – om og når – det vert aktuelt.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Fjord 1 AS og SFE AS vart etablerte som ei følge av at Fylkesbaatane og SFE tidlegare var ein del av den fylkeskommunale forvaltinga og ein ynskja å skilje desse ut frå den fylkeskommunale verksemda.</p> <p>Eit viktig mål for fylkeskommunen er å bidra til å utvikle SFE som ein konkurransedyktig og lønnsam aktør i den nasjonale / internasjonale energibransjen. Basert på dette skal selskapet gje fylkeskommunen god avkastning på investert kapital kvart år gjennom utbytte. Fylkeskommunen som eigar må sørge for at styret i selskapet til ein kvar tid har nødvendig kompetanse til å utvikle selskapet som ein lønnsam og sterk aktør i bransjen.</p> <p>Selskapet er eit viktig instrument for auka satsing innan fornybar energi i fylket. Fylket har eit stort potensiale her og SFE spelar ei viktig rolle med å bygge opp nødvendig kapasitet i nettet for ei slik satsing. SFE sin kompetanse er viktig for å realisere fylket sitt potensiale på dette området.</p>
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	<p>SFE er den største energileverandøren med lokal eigarskap i Sogn og Fjordane og mellom dei store kraftselskapa på Vestlandet. Fylkeskommunen sin eigarskap er viktig mot å sikre at inntekter frå naturressursane i fylket kjem innbyggjarane til gode. Investeringa i SFE har gjeve fylkeskommunen god avkastning på investert kapital. Framtidsutsiktene innan energisektoren tilseier at denne investeringa vil vere enda meir lønnsam i eit framtidig perspektiv.</p> <p>SFE er også ein viktig reiskap for å sikre god infrastruktur i fylket med omsyn til satsing på auka energiproduksjon i framtida (fornybar energi) og satsing på breiband.</p>
<b>Tilråding</b>	<b>Aksjepost med betydeleg avkastningspotensiale. Vidareføre eigarskapen.</b>

## ***Sogn og Fjordane Holding AS***

<b>Føremål</b>	Sogn og Fjordane Holding AS vart etablert av fylkeskommunen som eineeigar for eventuell forvaltnign av aksjane i SFE AS. Aksjane i SFE AS er framleis eigm direkte av fylkeskommunen. Selskapet er ei investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar, andelar, konseksjonskraftrettar og fast eigedom, og anna verksemd som står i samband med dette.
<b>Etablert</b>	29.11.2005
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 100. Aksjane sin pålydande verdi: 30 000 kr  Aksjekapitalen vart endra frå 100 000 kr til 30 000 kr i generalforsamlinga i juni 2012. Aksjekapitalen er såleis 30.000 kr, fordelt på 30.000 aksjar, kvar pålydande kr 1.
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune

<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova		
<b>Rammer</b>	Vedtekten 21.06.2012		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Det er ikkje utarbeida etiske retningslinjer for selskapet.		
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av fylkeskommunen sin eigarutsending. Eigarutsendingen er valt for 4 år og føl fylkesvalperioden.		
<b>Val av styre</b>	Selskapet skal ha eit styre med tre medlemer, og tre varamedlemmar i prioritert rekjkjefølgje. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gir tilråding til generalforsamlinga om val av styre.		
<b>Styresamsetning</b>	Ingen av styrets medlemmar var på val i 2013. Styret er sett saman slik: Styreleiar Åshild Kjelsnes Nestleiar Jenny Følling Styremedlem Noralv Distad		
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	Det er ingen godtgjersler for styremedlemmane.  Det er ingen tilsette i selskapet. Dei administrative oppgåvene er lagt til administrasjon i SFE AS:		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	c/o SFE AS, Bukta, 6823 Sandane		
<b>Telefon/faks</b>	57 88 47 00		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@sfe.no">post@sfe.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://sfe.no/">http://sfe.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)</b>			
(1000 kroner)	2010	2011	2012
<b>Sum inntekt</b>	0,03	0,03	0,08
<b>Resultat etter skatt (overskott)</b>	-7	-20	-13
<b>Totalkapitalrentabilitet</b>	-22 %	-70 %	-19 %
<b>Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld</b>	-	-	-
<b>Arbeidskapital i % av driftsinntekter</b>	-	-	-
<b>Eigenkapitalprosent:</b>	74 %	4 %	80 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet er eit holdingselskap utan driftsinntekter og det har ikkje vore drift i selskapet i 2012. I 2012 vart det gjennomført ein emisjon på kr 100 000, slik at selskapet sin eigenkapital er i samsvar med aksjelova sine minimumskrav.  Selskapet ser føre seg eit resultat i 2013 om lag på linje med resultatet for 2012.		
<b>Viktige hendingar 2012</b>	Det har ikkje vore drift i 2012.		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Det er ikkje lagt spesielle planar, dette vil avhenge av utviklinga i kraftmarknaden.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Å kunne nytte selskapet i samsvar med føremålet dersom det skulle bli ynskjeleg.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Selskapet vart oppretta som ein beredskap i høve forvalningsreforma for å sikre lokalt eigarskap i dei to store selskapene; SFE AS og Fjord1 AS. Forvalningsreforma vart gjennomført utan at det vart turvande å nytte dette beredskapsinstrumentet. Fylkeskommunen har oppretta eit eige selskap, F1 Holding AS, som har overteke heile aksjeposten i Fjord1 AS.  Det kan framleis verte aktuelt å overføre aksjane i SFE AS til Sogn og Fjordane Holding AS i samband med moglege endringar i kraftmarknaden. Dette tilseier at fylkeskommunen framleis bør oppretthalde eigarskap i selskapet, slik at vi har høve overføre aksjane ved behov.		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

## 6.5 Næringsutvikling

## ***Botnaneset Industriselskap AS***

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å legge til rette for næringslivet i Flora-regionen, ved t.d. å skaffe, legge til rette og selje, eventuelt leige tomter til næringsforemål. Spesielt ved å legge høva til rette for ei vidareutvikling av den olje- og gassretta verksemda i regionen, bl.a. ved deltaking i høyningsrundar og politiske prosesser. Selskapet kan også oppføre, skaffe og selje bygningar, anlegg og utstyr.		
<b>Etablert</b>	19.03.1981		
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 0,62 Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 100 000  Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein A-aksje. Etter generalforsamlinga i 2011 er vedtekten endra slik at A- og B-aksjar er likestilte m.o.t. utbytte og skeivdeling av utbytte, dvs. ein stemme per aksje.  Flora kommune har ein A-aksje. Andre aksjonærar er Fjord Base AS med 150 B-aksjar, Sparebanken Vest og Sparebanken Sogn og Fjordane har fem B-aksjar kvar.  Selskapets aksjekapital er 16 000 000 kr, fordelt på 2 A-aksjar og 158 B-aksjar, kvar pålydande 100 000 kr.		
<b>Forretningskontor</b>	Flora kommune		
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova		
<b>Rammer</b>	Vedtekten av 31.05.12 og aksjonæravtale		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Det er ikkje meld om at etiske retningslinjer er utarbeidd i selskapet.		
<b>Generalforsamling</b>	Ved avstemming i selskapsanliggende har kvar A-aksje 81 stemmer, medan kvar B-aksje har 1 stemme.		
<b>Val av styre</b>	Selskapet vert leia av eit styre på inntil 10 medlemmar med personlege vararepresentantar, 4 styremedlemmar med eventuelle personlege vararepresentantar blir peikt ut av A-aksjonærane. 4 styremedlemmar med eventuelle personlege vararepresentantar peikast ut av B-aksjonærane. I tillegg kan inntil 2 medlemmer med næringspolitisk bakgrunn peikast av B-aksjonærane. Styrets leiar blir vald av B – aksjonærane.  Styremedlemmene veljast for 1 år av gongen.  I sak 9/12 vedtok Fylkesutvalet å utpeike to styremedlemmar med personelege vara. I tidlegare styrer har det vore 4 representantar som har representert fylkeskommunen. Det er ikkje spesifikt regulert i rammene til selskapet korleis fordelinga av representantane er mellom dei to A-aksjonærane.		
<b>Styresamsetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2013 var styresamsettinga slik: Kjartan Longya (leiar), Oddgeir Igland (nestleiar), Åshild Kjelsnes med vara Nils P. Støyva, Karen Marie Hjelmeseter med vara Bjørn Hollevik, Bengt Solheim-Olsen, Bente Frøyen Steindal, Nils R. Sandal, Odd Husebø, Per Arvid Nødseth, Per Ytrehus.		
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiaras godtgjersle</b>	-Styreleiar: 50 000 kr pr. år, -Nestleiar: 40 000 kr pr. år, -Andre styremedlemmar: 25 000 pr. år. -Møtegodtgjersle for vararepresentant 5000 kr. -Lønn dagleg leiar: 247 533 kr (inkl. folketrygdavgift og pensjonskostnader. Dagleg leiar er innleidd av Fjord Base AS.		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingen		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Pb 103, 6901 Florø		
<b>Telefon/faks</b>	57 75 18 00/90 97 70 27		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:jim.haugland@incgruppen.no">jim.haugland@incgruppen.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultat, resultatgrad, utbytte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)</b>			
(1000 kroner)	2010	2011	2012
<b>Sum inntekt</b>	9 853	1 517	1 585

<b>Resultat etter skatt</b>	734	200	343
<b>Totalkapitalrentabilitet</b>	5 %	0 %	2 %
<b>Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld</b>	6 %	-	-
<b>Arbeidskapital i % av driftsinntekter</b>	-47 %	-	-
<b>Eigenkapitalprosent:</b>	31	87	98
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Etter fisjonen i 2011 har ikkje selskapet leigeinntekter lenger. Inntektene kjem som finansinntekter på ein fordring på Fjord Base AS. (Fjord Base AS har i fisjonsprosessen overteke eigedomar og langsiktig gjeld). Omløpsmidlar er på 1,1 mill. kr og kortsiktig gjeld er på 0,561 mill. kr. Selskapet har ei svak, men stabil lønnsemd. Lønnsemda må vurderast i lys av at dette er eit eigedoms-/utviklingsselskap.		
<b>Viktige hendingar 2012</b>	Årsmeldinga omtalar ikkje dette.		
<b>Viktige planar for dei komande åra</b>	Halde fram med å legge til rette for næringsutvikling i Flora-regionen.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Vere ein tilretteleggar for oljeretta næringsutvikling i regionen.		
<b>Er eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	<p>Selskapet har ei viktig rolle i arbeidet med auka petroleumsaktivitet i fylket og på basen i Florø. Selskapet skal sikre god infrastruktur for oljeretta aktivitet i Flora-regionen. Dette er eit etablert selskap med ein økonomisk/finansiell plattform som burde vurderast overteke av private.</p> <p>Fylkeskommunen har her vore med å initiert selskapet som no er kommen i ein fase der det bør vurderast å få private inn og overta fylkeskommunen sin aksjepost.</p> <p>Fylkeskommunen si proaktive rolle som pådrivar for oljeaktivitet i fylket bør kunne utøvast uavhengig av eigarrolla i selskapet.</p>		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen inntil vidare.</b>		

## Fjord Invest Såkorn AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å investere i konkuransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.
<b>Etablert</b>	28.06.2004
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Fylkeskommunal eigarprosent: 50,58 Aksjeposten sin pålydande verdi: 15 350 000 kr.</p> <p>Andre eigarar er REKOMP (32,95%) og Fjord Invest AS (16,47%)</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er på 30 350 000 kr fordelt på 30 350 aksjer à 1000 kr fullt innbetalt og lydande på namn.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Førde kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekter av 18. mars 2011. Fylkesutvalet godkjente i sak 17/11 ein aksjonæravtale, samt framlegg til vedtektsendring i tillegg til å velje eigarrepresentantar til selskapet
<b>Etiske retningslinjer</b>	Kjem ikkje fram av årsmeldinga eller rapport frå eigarutsending.
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av aksjeeigarane.
<b>Val av styre</b>	<p>Styret består av 5 til 8 medlemmar etter generalforsamlinga si nærmare avgjerd.</p> <p>Generalforsamlinga vel valkomité.</p>
<b>Styresamsetning</b>	<p>Styret etter generalforsamling i 2013:</p> <p>Vidar Grønnevik (leiar) (valt for 2 år), Trond Valaker (valt for 2 år), Irene Bøe, Ingar Valvik, Agnes Landstad (vald som nestleiar).</p> <p>Valkomité etter årets møte: Arvid Andenæs (leiar) (1 år att av valperioden), Hilmar Høl (1 år att av valperioden), Bente Nesse (valt for 2 år), Karsten Lien (valt for 2 år)</p>
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	<p>-Styreleiar: 30 000 kr pr. år.</p> <p>-Styremedlem: 15 000 kr pr. år. I tillegg vert det betalt 4000 kr pr. møte.</p>

	-Selskapet har ingen tilsette. Forvalningshonorar til Fjord Invest Management AS er 4 % av forvaltningskapitalen, for 2012 er honoraret 2 208 020.		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Pb. 47, 6801 Førde		
<b>Telefon/faks</b>	95 00 01 20 / 947 74 175		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:Hilde.kristin.haarklau@fjordinvest.no">Hilde.kristin.haarklau@fjordinvest.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.fjordinvest.no/">http://www.fjordinvest.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultat, resultatgrad, utbytte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)</b>			
(1000 kroner)	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>
<b>Sum inntekt</b>	695	861	824
<b>Resultat etter skatt</b>	-2 914	-5 415	-2 431
<b>Totalkapitalrentabilitet</b>	-4 %	-4 %	-5 %
<b>Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld</b>	-	-	-
<b>Arbeidskapital i % av driftsinntekter</b>	-	-	-
<b>Eigenkapitalprosent:</b>	99,7 %	99,7 %	99,7 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet har svak lønnsemnd, men god likviditet og soliditet. I 2012 er verdien av porteføljeselskapa nedskriven med 0,76 mill. kr. Samla eigenkapital ved utgangen av 2012 er på 33,5 mill. kr, medan likviditetsbeholdninga er ca. 19,3 mill. kr. Selskapet sin investeringsstrategi tilseier at minst 25 % av selskapet sin totalbalanse skal haldast attende for vidare investering i eksisterande portefølje. Dette kan medføre behov for ytterlegare kapital til nyinvesteringar.		
<b>Viktige hendingar 2012</b>	Ved årsskiftet har selskapet følgjande investeringar: Beat AS, Easy Form AS, Fras Technology AS, Havkraft AS, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane, Fjordane AS, Ocean Globe AS, Rocketfarm AS.		
<b>Viktige planar dei komande åra</b>	Selskapet vil prioritere å arbeide vidare med selskapsportefølja, med tanke på å identifisere bedriftene med mest utviklingspotensial og realisasjonspotensial. Innstramming i kapitalmarknaden har auka behovet for eigenkapital, og styret ventar at tal bedrifter som har behov for kapital vil vere aukande. Styret fekk på generalforsamlinga i 2013 ny fullmakt til å auke aksjekapitalen med inntil 15 175 000 ved utferdig av inntil 15 175 nye aksjar med lydande 1000 kr. Fullmakta er gjeve fram til ordinær generalforsamling våren 2015 og er i samsvar med selskapet si målsetting om å auke aksjekapitalen gjennom emisjonar retta mot både nye investorar og eksisterande aksjonærar.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Målet med eigarskapen er å vidareutvikle Fjord Invest Såkorn AS som eit viktig regionalt investeringsselskap for nyetablerte bedrifter. Gjennom eigarskapet i selskapet bidreg fylkeskommunen indirekte med kapital for å skape ny verksemid i fylket. Dette er ei langsigktig investering for fylkeskommunen.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Investeringa i selskapet er grunngjeven i selskapet si rolle som regionalt investeringsselskap for bedrifter i ein tidleg fase. Det er mangel på investorkapital i fylket og selskapet har ei viktig rolle med omsyn til etablering og utvikling av nye selskap. Fylkeskommunen sin investering var viktig for å få selskapet etablert. Det er viktig at fylkeskommunen her opptrer som langsigktig eigar.		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

## Framtidsfylket AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er drift og utvikling av ei felles trainee-ordning for alle private og offentlege verksemder i Sogn og Fjordane som arbeider for å fremje næringslivet i fylket, drifte nettportalen <a href="http://framtidsfylket.no">framtidsfylket.no</a> og anna rekrutteringsarbeid som i vid forstand skal vere i verksemder si interesser. Selskapet er eit felles verkty for alle verksemder i Sogn og Fjordane, og har difor som målsetjing å vere eit non-profit selskap som arbeider for fellesskapet.
<b>Etablert</b>	01.02.2008
<b>Aksjekapital/</b>	Eigarprosent: 4 Aksjane sin pålydande verdi: 17 000 kr.

<b>Fylkeskommunal eigardel</b>	Andre eigarar er privat næringsliv i fylket (17 selskap), tre sparebankar i fylket, Stiftinga Vestlandsforskning, Lotteri- og stiftingstilsynet, NHO Sogn og Fjordane og Sunnfjord Næringsråd. Alle eigarar har lik del aksjar og same stemmerett.  Selskapets aksjekapital er 425 000 kroner fordelt på 425 aksjar, kvar lydande på 1 000 kroner.		
<b>Forretningskontor</b>	Førde kommune		
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova		
<b>Rammer</b>	Vedtektene av 19.07.2009.		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Selskapet er aktive i prosjekt «Samfunnsansvar» og er aktuelle som nære samarbeidspartnarar der. Selskapet omtalar ikkje etiske retningslinjer og samfunnsansvar i årsmeldinga.		
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av aksjonærane. Her gjev kvar aksje ei røyst. Aksjeeigarane har rett til å møte med fullmekting.		
<b>Val av styre</b>	Generalforsamlinga vel valkomité. Styret skal bestå av 5-7 medlemmar. Styreleiar blir vald på generalforsamlinga. Aksjeeigarar i form av private bedrifter, organisasjonar som spring ut frå private bedrifter eller organisasjonar som private bedrifter eig, skal ha fleirtal i styret.		
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamling i 2013 er styret beståande av: Leon Bakkebø, styreleiar, Sparebaken Sogn og Fjordane (1år) Geir Espe, nestleiar, Coop Vest (for 2 år, sit 1 år til) Jannicke Lindvik, SFE (for 2 år, sit 1 år til) Randi Paulsen Humborstad, Nordfjord Vekst (2 år) Johnny Haugsbakk, Enoro (2 år) Kjetil Kvåle, varamedlem, Kunnskapsparken (2 år)  Etter generalforsamlinga i 2013 er valnemnda består av: Rolf Domstein, Arvid Andenær og Trine Lerum.		
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	Ingen styregodtgjersle. Honorar for arbeid med prosjekt og oppgåver utover vanleg styrearbeid kan avtalast med dagleg leiar.  Dagleg leiar: 607 372 kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingan.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Pb. 26, 6731 Davik		
<b>Telefon/faks</b>	92 83 52 32		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:gro@framtidssyfylket.no">gro@framtidssyfylket.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.framtidssyfylket.no">www.framtidssyfylket.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)</b>			
(1000 kroner)	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>
<b>Sum inntekt</b>	3 339	3 898	3754
<b>Resultat etter skatt</b>	62	240	111
<b>Totalkapitalrentabilitet</b>	5 %	15 %	7 %
<b>Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld</b>	-	-	-
<b>Arbeidskapital i % av driftsinntekter</b>	17 %	21 %	25 %
<b>Eigenkapitalprosent:</b>	41 %	45 %	53 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet har tilfredstillende lønnsemnd, god soliditet og likviditet. Selskapet ventar ei stabil økonomisk utvikling framover. Grunnfinansieringa av aktivitetane, utanom messene, kjem frå Stiftinga REKOMP. Dei har gitt ei grunnløyving på 5,7 mill. kr over 3 år (2012 – 2014).		
<b>Viktige hendingar 2012</b>	Generalforsamlinga refererte ikkje til særskilde hendingar. Hovudfokus er på eigne karrieremesser, samt deltaking på andre viktige messer, koordinering og marknadsføring av trainee-ordninga og styring av nettportalen.		
<b>Viktige planar/utsikter</b>	Selskapet har stått ovanfor eit vegskilje: her har selskapet gjort eit val om å satse		

<b>for dei komande åra</b>	vidare mot ungdom med høgare utdanning, medan ein utvider målgruppa til å vere internasjonal.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkeskommunen vart aksjonær hausten 2009 etter ein retta emisjon i selskapet. Grunngjevinga for å gå inn på eigarsida var at selskapet allereie var ein viktig samarbeidspartner for fylkeskommunen, samt at selskapet oppfyller dei kriteria som fylkeskommunen har for eigarskap i selskap.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Eigarskapet i selskapet er framleis føremålstenleg då selskapet er ein viktig samarbeidspartner for fylkeskommunen, samt at hovudmålsetninga og aktivitet i selskapet samsvarar med våre retningslinjer for eigarskap. Det er kort tid sidan fylkeskommunen gjekk inn på eigarsida, slik at det er ikkje aktuelt å vurdere eventuelle sal/avvikling av eigarskapen.  Sidan selskapet arbeider for å løyse ei av dei storre utfordringane til fylket, rekruttering av høgt utdanna arbeidskraft, er eigarskapet vurdert som føremålstenleg.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

### Gulen og Masfjorden Utvikling AS

<b>Føremål</b>	Selskapet har som føremål å legge til rette for auke næringsverksem i Gulen og Masfjorden kommunar. Selskapet skal ved vere ein pådrivar og koordinator for private aktørar medverke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet skal få ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling. Selskapet kan drive kjøp/sal og ha anna verksem i samband med dette. Selskapet kan delta i andre selskap med liknande verksem. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med Gulen/Masfjorden Næringsråd.
<b>Etablert</b>	27.06.2008
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 22,42. Aksjane sin pålydande verdi: 1 156 250 kroner.  Andre eigarar er Gulen kommune, Masfjorden kommune, Hordaland fylkeskommune og SIVA.  Selskapet sin aksjekapital er på 5 156 250 kr fordelt på 20 625 aksjar à 250 kr og lydande på namn.
<b>Forretningskontor</b>	Gulen kommune
<b>Retslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekten [vedteke i ekstraordinær generalforsamling 02.11.2009.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Ikkje rapportert om.
<b>Generalforsamling</b>	Eigarane utgjer generalforsamlinga.
<b>Val av styre</b>	Styret skal bestå av 3-9 personar som vert valde for eitt år om gangen. I tillegg kan det veljast 1 til 3 varamedlemmar. Minst 50% av styremedlemmane skal veljast frå næringslivet i Gulen og Masfjorden kommunar. Generalforsamling vels tyreleiar og nestleiar.
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2013 er styret sett saman av følgjande personar: Irene K. Wergeland (styreleiar for 2013), Marit Austgulen Wick, Hallvard Oppedal, Karstein Totland (nestleiar for 2013), Bjørn Falck Russenes, Ivar Eide, Frode Langhelle, Jon Johansen.  Russenes er peika ut som fylkeskommunen sin styrerepresentant.
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	-Styreleiar: 20 000 kr -Styremedlemmar: 15 000 kr. -Representantane frå Gulen og Masfjorden kommunane avstår frå styrehonorar. -Dagleg leiar: 545 762 kr, pensjonsytингar 22 528 kr.
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingen
<b>Revisor</b>	Bjørgvin Revisjon AS
<b>Adresse</b>	Sløvåg, 5960 Dalsøyra
<b>Telefon/faks</b>	57 78 18 32
<b>e-post</b>	<a href="mailto:Irene.wergeland@no">Irene.wergeland@no</a> , <a href="mailto:tore@gmu.no">tore@gmu.no</a>

<b>Nettadresse</b>	<a href="http://gmu.no/">http://gmu.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)</b>			
<b>(1000 kroner)</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>
<b>Sum inntekt</b>	756	1 424	1 589
<b>Resultat etter skatt</b>	99	-84	-756
<b>Totalkapitalrentabilitet</b>	1 %	0 %	-5 %
<b>Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld</b>	-	-	-
<b>Arbeidskapital i % av driftsinntekter</b>	2 163 %	1 118 %	1 424 %
<b>Eigenkapitalprosent:</b>	99 %	98 %	97 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet har svak lønnsemd, men sterkt finansiell stilling. Driftsresultatet er minus 1 279 905 kr. Renteinntekter utgjør 526 440 kr. Omløpsmidlar 15,7 mill. kr. Kortsiktig gjeld 0,5 mill. kr. Langsiktig gjeld = 0 kr. Eigenkapital 15,6 mill. kr.		
<b>Viktige hendingar 2012</b>	Dei to største prosjekta selskapet har arbeidd med vert realisert i 2013, Sløvåg Næringsbygg og Gulen og Masfjorden Næringshage.		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Det er utarbeidd forretningsplan for selskapet som styringsdokument for dagleg leiar.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Eigarskapen i selskapet er i samsvar med fylkeskommunen sin eigarpolitikk og bidreg til styrking av næringsgrunnlaget i Gulen/Masfjorden. Fylkeskommunen aukar sitt engasjement i utviklinga av naturgassbasert industri i Sløvåg og bidreg til å styrke næringsgrunnlaget generelt i denne delen av fylket.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	På noverande tidspunkt er det ikkje aktuelt å vurdere sal/avvikling av eigarskapen.		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

## Innovasjon Norge AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling i heile landet, og bidra til å utvikle ulike distrikt og regionar sine næringsmessige moglegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering. Innovasjon Norge skal samarbeide med Sametinget om næringsutvikling i samiske område.
<b>Etablert</b>	19.12.2003
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 2,58 %. Innskoten kapital frå fylkeskommunen: 505 474 kr.  Selskapet er eiggd av staten med 51 % og av fylkeskommunane med ein eigardel på til saman 49 %. Kvar fylkeskommune har like stor eigardel.  Den totale innskottskapitalen i selskapet er 19 600 000 kr. Staten sin innskottskapital er 10 000 000. fylkeskommunanes innskottskapitale er til saman og likt fordelt 6 600 000 kr.
<b>Forretningskontor</b>	Oslo kommune
<b>Retslege rammer</b>	Lov om Innovasjon Norge av 19.12.03 nr. 130. selskapet er ikkje eit aksjeselskap, men særlovselskap.
<b>Rammer</b>	Vedtekten datert 19.12.03, revidert 21.06.05, 17.12.09, 18.06.13. retningsliner for Innovasjon Norges valkomitear vedteke 23.05.2013.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Det er ikkje meld om etisk regelverk i årsmeldinga.
<b>Føretaksmøte</b>	Føretaksmøte utgjerast av eigarane.  Hovudstyret førebud saker til føretaksmøte, her: <ul style="list-style-type: none"><li>- Førebu saker og formidle innspel og spørsmål som er sett fram av ein eller fleire av eigarane i mehald av lova § 31 a.</li><li>- Utarbeide forslag til vedtak</li><li>- Sørgje for utforming av sakspapir</li></ul>

	Det er krav til simpelt fleirtall av innskottskapitalen som er representert i føretaksmøte, dersom ikkje eit anna fleirtalskrav følgjer av §§ 20 eller 21 i vedtekten.		
<b>Val av styre</b>	<p>Hovudstyret har ansvar for selskapet si samla verksemد. Det fattar vedtak i høve § 17 og forskrift gjeven i medhald av lova. Hovudstyret skal ha maksimalt 9 medlemmar, ekskl. dei tilsette sine representantar.</p> <p>Val av hovudstyre, med unnatak av dei tilsette sine representantar, vert førebudd av ein valkomité. Komiteen består av tre medlemmar, kvar minst eitt medlem vert innstilt frå staten og minst eitt medlem vert innstilt frå fylkeskommunane. Medlemmane er ikkje valbare for andre verv i selskapet. Valkomiteen fremjar forslag til nye medlemmar i valkomiteen.</p> <p>Medlemmane sin funksjonstid er to år med moglegheit til å forlenga. Dersom eit medlem trer av før funksjonsperioden er løpt ut, skal det i føretaksmøte veljast eit nytt medlem for resten av perioden.</p> <p>Hovudstyra nemner opp dei 15 regionale styra. Eit regionstyre kan ha maksimalt 8 representantar. To representantar vert vald av dei respektive fylkeskommunane. Dersom det regionale styret dekkjer fleire fylkeskommunar, vel ein 1 representant frå kvar fylkeskommune, slik at fylkeskommunane ikkje kan velje enn to styremedlemmar direkte. Dei andre representantane vert vald av hovudstyret basert på forslag frå dei regionale valkomiteane.</p> <p>Val av dei regionale styra vert førebudd av ein valkomité for kvart styre. Ein valkomité består av tre medlemmar, alle oppnemnd av hovudstyret. Kvar komité skal ha minst eitt medlem føreslått av ein fylkeskommune. Valperioden er 2 år.</p> <p>Hovudstyret sin samansettning skal spegle selskapet sitt arbeid innanfor næringsutvikling, innovasjon, internasjonalisering og profilering, og som tek omsyn til ein hensiktsmessig geografisk fordeling. Aksjelova sine føresegner om representasjon av begge kjønn i styrer skal følgjast, jf. asl. § 20-6.</p>		
<b>Styresamsetning</b>	<p>Etter generalforsamlinga i 2013 er hovudstyret samansett slik:</p> <p>Reidar Sandal, styreleiar (Florø), Tone Lindberg Hofstad, nestleiar Martha Kold Bakkevig, Reidar Bye, Einar Enger, Roar Flåthen, Jørand Ødegård Lunde, Jan Løkling, Sarita Sehpjal og to representantar vald frå dei tilsette.</p> <p>Hovudstyret har funksjonstid frå føretaksmøte i 2012 og fram til avslutta føretaksmøte i 2014.</p> <p>Jenny Følling og Hilmar Høl vart peika ut som kandidatar for styret i Innovasjon Norge avd. Sogn og Fjordane i FT-sak 53/11. Valperioden er to år, jf. Retningslinene for valkomiteen i Innovasjon Norge.</p>		
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Styreleiar: 270 000 kr pr. år</li> <li>-Nestleiar: 162 000 kr pr. år</li> <li>-Andre styremedlemmar: 135 000 kr pr. år</li> <li>-Tilsette sine representantar: 49 000 kr pr. år,</li> <li>-Tilsette sine vararepresentantar: 4 326 pr. møte</li> <li>-Medlem av valkomiteen: 3 244 kr pr. møte.</li> <li>-Lønn dagleg leiar: 2 151 000 kr, anna godtgjersle: 104 000 kr, pensjonsavtale: 269 000 kr.</li> </ul>		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Pb. 448 Sentrum, 0104 Oslo		
<b>Telefon/faks</b>	22 00 25 00		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@innovasjonnorge.no">post@innovasjonnorge.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.innovasjonnorge.no">www.innovasjonnorge.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)</b>			
(mill. kroner)	2010	2011	2012
<b>Sum inntekt</b>	1 249	1 106	1 610

<b>Resultat etter skatt</b>	-46	91,5	185
<b>Totalkapitalrentabilitet</b>	1 %	1 %	2 %
<b>Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld</b>	0 %	0 %	1 %
<b>Arbeidskapital i % av driftsinntekter</b>	71 %	160 %	328 %
<b>Eigenkapitalprosent:</b>	4 %	4 %	5 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Innovasjon Norge som konsern hadde eit resultat etter skatt på 184,998 mill. kr mot eit overskot på 91,5 mill. kr i 2011. Netto renteinntekter utgjorde 379 mill. kroner i 2012 mot 305 mill. kroner i 2011.		
<b>Viktige hendingar 2012</b>	Eigarskapet i Inverstinor AS vart overført frå Innovasjon Norge til Nærings- og handelsdepartementet. Utover dette er 2012 ikkje kommentert i årsmeldinga.		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Selskapet har laga strategiplan for 2013 til 2016. Delmål er å stimulere gründerar og oppstartbedrifter til å utnytte sine moglegheiter for vekst, satse og få fram fleire vekstkraftige verksemder og bidra til å skape fleire innovative næringsmiljø.</p> <p>Frå og med 2013 har selskapet nye føremål: Innovasjon Norges føremål er å vere statens og fylkeskommunanes verkemiddel for å realisere verdiskapande næringsutvikling i heile landet. Hovudmål: Innovasjon Norge skal utløyse bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling, og utløyse regionane sine næringsmessige moglegheiter. Dette skal ein nå gjennom delmål: Fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige verksemder og fleire innovative næringsmiljø.</p>		
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>I samband med innføring av forvalningsreforma frå 1.1.2010 var det føresett at 49 % av staten sin eigarskap i Innovasjon Norge skulle overførast til fylkeskommunane. I FT-sak 63/09 vedtok fylkestinget å gå inn som medeigar i Innovasjon Norge med ein eigardel på 2,58 %.</p> <p>Innovasjon Norge er ein viktig reiskap i næringsutviklinga i Noreg og i Sogn og Fjordane.</p>		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Det har ikkje skjedd endringar per dags dato som tilseier at det skal skje endring i eigarskapen. Fylkeskommunalt eigarskap er framleis føremålstenleg.		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

### Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS

<b>Føremål</b>	Selskapet skal medverke til auka verdiskaping og nyetablering innafor kunnskapsintensive verksemder lokalt og regionalt og å få nasjonal kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket. Selskapet skal vere ein pådrivar overfor næringslivet og forskings- og høgskolemiljøet i fylket og på den måten stimulere til kommersialisering av FoU-resultat og forretningsidear med stort potensiale. Selskapet skal gjennom det nasjonale SIVA nettverket for innovasjon og nyskaping, fungere som eit nav med næringshagane i det lokale nettverket for oppnå meirverdi av den etablerte kunnskapen i fylket. Selskapet skal ha ein desentralisert oppbygnad og gjennom formidling av idear og kompetanse initiere og medverke til nyskaping og omstilling i næringslivet i fylket. Selskapet kan eige aksjar i andre selskap og gå inn med kapital i nyetablerte bedrifter og bedrifter som er i ein utviklingsfase, og skal gjennom slike investeringar og løpende prosjektoppdrag, også oppnå lønsemd for selskapet. Selskapet skal ha ein innløysingsavtale for aksjeinvesteringane.
<b>Etablert</b>	06.07.2001
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 38,17. aksjane sin pålydande verdi: 2 500 000 kr.  Andre eigarar: Fjord Invest Såkorn AS, SIVA; Sogndal kommune og Stryn Næringshage.
	Aksjekapitalen er på 6 550 000 kr fordelt på 6 550 aksjar à 1000 kr fullt innbetalt og lydande på namn.
<b>Forretningskontor</b>	Sogndal kommune
<b>Retslege rammer</b>	Aksjelova

<b>Rammer</b>	Vedtekter av 10.09.2004. Strategiplan 2013-2015, sist oppdatert 7.5.2013.		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Verdigrunnlaget for selskapet er omtala i strategiplan for 2013-2015.		
<b>Generalforsamling</b>	Ikkje noko særskilt regulert		
<b>Val av styre</b>	Styret skal vere sett saman av 5 til 7 medlemmar.  Selskapet har valkomité. Komiteen skal i tillegg til innstilling av styre, også ta stilling til honoraret til styret.		
<b>Styresamansettning</b>	Etter generalforsamlinga i 2013: Vidar Grønnevik (valt for 2 år, gjenvalt som styreleiar for 1 år), Hjørdis Vik (valt for 2 år), Erik Kyrkjebo (valt for 2 år), Eirik Lysø (valt for 1 år), Terje Laberg (gjenvalt, valt for 2 år), Jan Erik Sandbakk (valt for 2 år i 2012), Stig Vattekar (valt for 2 år i 2012), Liv Marit Menes (gjenvalt varamedlem for 2 år)  Etter generalforsamlinga i 2013 er valkomiteen sett saman slik: Aud Ingrid Espeland, leiar (valt for 2 år i 2012), Hilmar Høl (valt for 2 år i 2012), Jarle Aarvoll (gjenvalt for 2 år i 2013)		
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	-Styreleiar: 33 000 kr pr. år + 2 500 kr pr. møte -Andre styremedlemmar: 6 000 kr pr. år + 2 500 pr. møte -Lønn dagleg leiar: 708 405, anna godtgjersle 28 292 kr, pensjonskostnader 24 513 kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	PricewaterhouseCoopers AS		
<b>Adresse</b>	Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal		
<b>Telefon/faks</b>	95 20 65 74		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:kjetil@kpsf.no">kjetil@kpsf.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://kpsf.no/">http://kpsf.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltall samanlikna med året før)</b>			
(1000 kroner)	2010	2011	2012
<b>Sum inntekt</b>	5 153	5 491	6 819
<b>Resultat etter skatt</b>	91	652	66
<b>Totalkapitalrentabilitet</b>	2 %	10 %	5 %
<b>Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld</b>	-	-	-
<b>Arbeidskapital i % av driftsinntekter</b>	117 %	123 %	101 %
<b>Eigenkapitalprosent:</b>	89 %	88 %	87 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet har positivt driftsresultat i 2012 på kr 284'. Resultat etter finanskostnader er kr 169'. Selskapet sin soliditet og likviditet er god.		
<b>Viktige hendingar 2012</b>	Selskapet har bla. forsterka inkubatorprogrammet og såleis auka satsinga på innovasjon.		
<b>Viktige planar for dei komande åra</b>	Strategiplanen til selskapet dreiar seg kring fem strategiske satsingsområder; - Gründerar og gründerbedrifter med vekstpotensiale - Etablerte bedrifter - Nodenettverk - Tenesteyting for gjennomføring av offentlege mål og føringar - Kapitaltilgang I tillegg legg planen opp til systematisk og målretta arbeid med kommunikasjon.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Gjennom sin eigarskap i selskapet og Fjord Invest Såkorn AS har fylkeskommunen vore utløysande for å etablere ein reiskap for nyskaping og utvikling i regionen. Saman med investering i Fjord Invest Såkorn AS er investeringa i Kunnskapsparken viktig med omsyn til å skape nye verksemder i fylket.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Eigarskapen i selskapet er framleis føremålstenleg då selskapet har etablert seg som ein god aktør i FoU-miljøet, inkl. Høgskulen. Vidare har fylkeskommunen som eigar ei viktig rolle i den partnarskapen som finansierer selskapet		

<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen</b>
------------------	-------------------------------

## Luna Industri AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er utvikling knytt til industriell utnytting av anorthositt-ressursar samt tilhøyrande verksemd. Selskapet forvaltar lisensar og patenter som har kome gjennom det forskingsarbeidet som Ife har utført på oppdrag av Luna Mineral AS.
<b>Etablert</b>	22.04.2004
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 65,99 Aksjeposten sin pålydande verdi: 194 000 kr.  Luna Mineral AS eig resterande aksjar (34,01%).  Aksjekapitalen er etter dette på 294 000 kr fordelt på 294 000 aksjar pålydande 1 kr.
<b>Forretningskontor</b>	Aurland kommune
<b>Retslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekter av 16.06.2010.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Årsmeldinga omtalar ikkje dette
<b>Generalforsamling</b>	Føl aksjelova sine reglar om gjennomføring av generalforsamling.
<b>Val av styre</b>	Selskapet sitt styre skal ha 1 til 7 medlemmar.
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamling i 2013: Styreleiar Stig Vattekær, Svein Tufte, Nils Oskar Fardal.
<b>Styre- og dagleg leiars godtgjersle</b>	Ingen styregodtgjersler. Ingen lønnsutgifter, då det ikkje er tilsette i selskapet.
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Eit fylkeskommunalt lån vart konvertert til aksjekapital i 2010, sjå FT-sak 4/10.
<b>Revisor</b>	Ernst & Young AS
<b>Adresse</b>	5745 Aurland
<b>e-post</b>	<a href="mailto:Stig.vattekær@sfj.no">Stig.vattekær@sfj.no</a>

### Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2010	2011	2012
<b>Sum inntekt</b>	0	0	241
<b>Resultat etter skatt</b>	-26	-10	-10
<b>Totalkapitalrentabilitet</b>	-10 %	-4 %	-4 %
<b>Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld</b>	-65 %	- 25 %	-25 %
<b>Arbeidskapital i % av driftsinntekter</b>	-	-	-
<b>Eigenkapitalprosent:</b>	84 %	82 %	82 %

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Etter at det fylkeskommunale lånet vart konvertert til aksjekapital er eigenkapitalen i selskapet god. Selskapet har ved årsskiftet ca. 232 000 kr i bankinnskot. Driftskostnadane i selskapet omfattar berre utgifter til rekneskap og revisjon.
<b>Viktige hendingar 2012</b>	Luna Industri AS har inngått avtale med Microtherm AS som gjev dette selskapet rett til uttak av anortositt. Microtherm AS har patentrettar på bruk av anortositt til blant anna å lage ein type betong som ikkje krympar og sprekk i same grad som tradisjonell betong.
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Halde fram i samsvar med føremålet til selskapet.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkeskommunen gjekk 16.06.06 inn på eigarsida i selskapet med ein aksjepost på 65,99%. Fylkeskommunalt eigarskap bidreg til industrialisering mellom anna ved å knyte selskapet tettare opp mot andre industrielle aktørar. Hovudføremålet med fylkeskommunalt eigarskap er å få til aktivitet og skape nye arbeidsplassar i fylket
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Inntil vidare er sjansen for å skape aktivitet og arbeidsplassar størst ved å vidareføre eigarskapen.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Lutelandet Utvikling AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å arbeide for utnytting av Lutelandet som industriføremål.		
<b>Etablert</b>	26.05.2005		
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 48 . Aksjane sin pålydande verdi: 768 000.</p> <p>Andre eigarar er Fjaler kommune (34 %), Askvoll kommune (6 %), Hyllestad kommune (6 %) og Solund kommune (6 %).</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er kr 1.600.000,- fordelt på 1.600 aksjar à kr 1.000,-, fullt innbetalte og lydande på namn.</p> <p>Avgrensingar i omsetning av aksjane, jf. § 11 i vedtekten.</p>		
<b>Forretningskontor</b>	Fjaler kommune		
<b>Retslege rammer</b>	Aksjelova		
<b>Rammer</b>	Vedtekten av 4.11.2010		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Er ikkje omtala i årsmeldinga		
<b>Generalforsamling</b>	Føl reglane om generalforsamling i aksjelova.		
<b>Val av styre</b>	<p>Styret består av 6 medlemmer etter følgjande fordeling:</p> <p>2 medlemmer med vara frå Sogn og Fjordane fylkeskommune</p> <p>2 medlemmer med vara frå Fjaler kommune</p> <p>1 medlem med vara frå dei andre HAFS- kommunane</p> <p>1 medlem i tillegg til dette etter fritt val av generalforsamlinga.</p> <p>Selskapet har valkomité.</p>		
<b>Styresamansettning</b>	<p>Etter generalforsamling i 2013:</p> <p>Styreliar: Jan Balstad (1 år)</p> <p>Styremedlem/nestleiar: Arve Helle, (Fjaler Kommune) Ikkje på val</p> <p>Styremedlem: Ingrid Døskeland Skår (attval, 2 år for Fjaler Kommune)</p> <p>Styremedlem : Karen Marie Hjelmeseter (fylkeskommunen) Ikkje på val</p> <p>Styremedlem: Audun Erik Sunde (attval, 2 år for S&amp;Fj. Fylkeskommune)</p> <p>Styremedlem : Ole Gunnar Krakhellen (for Hyllestad-, Askvoll-, Solund Kommune)</p> <p>Frida Melvær blir attvald til leiar av valnemnda. Medlemmer: Hilmar Høl og Marita Solheim</p>		
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	<p>-Styreliar: 135 000 kr</p> <p>-Nestleiar: 15 % av leiars sitt honorar.</p> <p>-Andre styremedlemmar: 10 % av leiars sitt honorar</p> <p>-Dagleg leiari: 530 749 kr, andre godtgjersler: 37 850 kr.</p>		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Selskapet har eit fylkeskommunalt lån på kr 1,7 millionar. Forventa ferdig nedbetalt i 2017.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	c/o Fjaler Næringsutvikling, Dale Senter, 6963 Dale i Sunnfjord		
<b>Telefon/faks</b>	57 73 63 22		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:stein@lutelandet.no">stein@lutelandet.no</a> , <a href="mailto:post@lutelandet.no">post@lutelandet.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://lutelandet.no/norsk/">http://lutelandet.no/norsk/</a>		
<b>Økonomisk utvikling ( omsetnad, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)</b>			
(1000 kroner)	2010	2011	2012
<b>Sum inntekt</b>	43 961	1 744	3290
<b>Resultat etter skatt</b>	41 702	-825	688
<b>Totalkapitalrentabilitet</b>	144 %	-1 %	1 %
<b>Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld</b>	2 112 %	-39 %	38 %
<b>Arbeidskapital i % av driftsinntekter</b>	-1 %	-66 %	-25 %
<b>Eigenkapitalprosent:</b>	94 %	93 %	94 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	I 2012 har driftsinntektene i Lutelandet Utvikling vore basert på prosjektmidlar og sal av tenester. Sjølvfinansiering og arbeidskapital syner betring i 2012. Årsaka er at leigeavtale med Lutelandet Offshore Site & Dry Dock AS kom på plass i slutten av		

	2011.  Den sterke eigenkapitalen i selskapet kjem i hovudsak frå verdien på aksjane i Lutelandet Eigedom AS, som er bokført til 49,5 mill. kr.
<b>Viktige hendingar 2012</b>	Selskapet har vore gjennom selskapskontroll i 2012. leiinga la på generalforsamlinga i 2013 fram tiltak ein har sett i verk etter selskapskontrollen.
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	NVE gav i 2011 konsesjon for ein vindpark på 45 MW på Lutelandet. I tillegg vart det gjeve konsesjon for eit testanlegg for inntil 10 MW. Departementet avviste klagane på konsesjonen 24. oktober 2012 og konsesjonane er såleis rettskraftige. Sunnfjord Energi fekk 16. januar 2013 konsesjon på bygging og drift av ei 132 kV kraftline mellom Hålandsfossen og Lutelandet. Delane av linetraseen er anka. Ankesaka likk hjå departementet for endeleg avgjerd.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Selskapet er eit reint utviklingsselskap som skal verke for utnytting av Lutelandet i Fjaler som industriområde. Selskapet vart skipa i 2005 med fylkeskommunen som hovudaksjonær og driftstilkott frå eigarane er viktig for å følgje opp dei aktivitetane som er sett i gong med omsyn til å få aktivitet i Lutelandet.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	I Fylkestingssak 33/09 vart det gjort ei vurdering av fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet. Konklusjonen i saka var at eigarskapet var i samsvar med fylkeskommunen sin eigarpolitikk. Det har ikkje kome
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## ***Njøs Næringsutvikling AS***

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å drive med rådgjeving. Produkt-/marknadsutvikling. Leie utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruksprodukt. Vidare skal selskapet kunne investere i andre selskap i same bransje.
<b>Etablert</b>	29.08.2007
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 22,2 Aksjeposten sin pålydande verdi: 100 000 kr.  Andre eigarar: Graminor AS, Gartnerhallen, Lerum AS, Innvik frukt lager, Sognefrukt, Lærdal grønt, Vangsnæs frukt lager, Luster grønt, Sognabær og Gloppen produsentlag.  Selskapet sin aksjekapital er på 450 000 kr fordelt på 45 aksjar á 10 000 kr fullt innbetalt og lydande på namn.
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtektene av 29.08.2007.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Vert ikkje omtala i årsmeldinga. Eigarutsending rapporterer at det ikkje er slikt etisk regelverk.
<b>Generalforsamling</b>	Innkalling til generalforsamling skjer med minimum 14 dagars varsel.
<b>Val av styre</b>	Styret består av 3 til 6 medlemmer etter generalforsamlinga si nærmare avgjerd. Styret sin leiar blir valt ved særskilt val for eit år om gongen av generalforsamlinga. Selskapet har valnemnd-
